

Planomtale

Detaljreguleringsplan gbnr. 23/6 m.fl.
Kvåle Barnehage, Sogndal kommune

Arealplan-ID 4640-2022008



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Studentsamskipnaden på Vestlandet AS
Tittel på rapport: Planomtale
Oppdragsnamn: Reguleringsplan ny barnehage Sogndal
Oppdragsnummer: 635388-01
Oppdragsleiar: Torunn Rosnes Jæger

Føreord

Asplan Viak AS er engasjert av Studentsamskipnaden på Vestlandet AS, Saman, for å utarbeide ein detaljreguleringsplan med tilhøyrande dokument for i hovudsak ny barnehage, to bustadtomter og tilhøyrande infrastrukturanelegg. Ein skal detaljregulere med utgangspunkt i gjeldande områdeplan.

Planområdet ligg på Kvåle i Sogndal. Innleiingsvis i planarbeidet omfatta planen barnehagetomta, to bustadtomter, parkering og delar av Kvålevegen. Undervegs har Statens Vegvesen kome med innspel om at krysset frå Fjærlandsvegen til Kvålevegen må inngå som del av planen. Planområdet er difor utvida til også å omfatte Kvålekrysset. I tillegg er planområdet utvida med gangveg mot Lunnamyri.

Erik Tande har vore prosjektleiar og kontaktperson for oppdragsgjevar, Studentsamskipnaden på Vestland AS. Hilde Ruud og Torunn Rosnes Jæger har vore oppdragsleiarar for Asplan Viak AS.

Denne rapporten er utarbeidd av Torunn Rosnes Jæger, Hilde Ruud, Kjell Arne Valvik og Synne Alvilde Næss.

Leikanger, mars 2024

| Ver | Dato | Beskriving | Utarb. av | KS |
|-----|---------------|------------------------------------|-------------------|-----|
| 02 | 23. mars 2024 | For gjennomgang hos sakshandsamar | TRJ, SAN | TJJ |
| 01 | 22. des. 2023 | For gjennomgang hjå oppdragsgjevar | TRJ, KAV, SAN, HR | HR |

Innhold

| | | |
|-------|--|----|
| 1. | Innleiing og nøkkelopplysingar | 4 |
| 1.1. | Innleiing | 4 |
| 1.2. | Nøkkelopplysingar | 4 |
| 2. | Bakgrunn | 5 |
| 2.1. | Bakgrunn for planarbeidet | 5 |
| 2.2. | Siktemål med planframlegget | 5 |
| 3. | Planområdet – dagens situasjon | 6 |
| 3.1. | Plassering og avgrensing | 6 |
| 3.2. | Arealbruk | 8 |
| 3.3. | Landskap og staden sin karakter | 9 |
| 3.4. | Kulturminne og kulturmiljø | 13 |
| 3.5. | Landbruk | 15 |
| 3.6. | Naturverdiar | 17 |
| 3.7. | Rekreasjonsverdi, bruk og friluftsliv | 18 |
| 3.8. | Skule og barnehage | 20 |
| 3.9. | Barn og unge sine interesser | 20 |
| 3.10. | Veg og trafikktilhøve | 21 |
| 3.11. | Universell utforming | 25 |
| 3.12. | Vatn og avlaup | 25 |
| 3.13. | Energi | 25 |
| 3.14. | Støytilhøve | 26 |
| 3.15. | Risiko og sårbarheit – eksisterande situasjon | 27 |
| 4. | Planstatus og rammetilhøve | 33 |
| 4.1. | Overordna planar | 33 |
| 4.2. | Reguleringsplanar | 36 |
| 4.3. | Temaplanar | 37 |
| 4.4. | Statlege planretningsliner, rammer og føringar | 37 |
| 5. | Skildring av planframlegget | 38 |
| 5.1. | Planlagd arealbruk | 38 |
| 5.2. | Reguleringsformål | 38 |
| 5.3. | Gjennomgang av reguleringsføre mål | 40 |

| | |
|---|-----------|
| 5.4. Bygningane sin plassering og utforming | 50 |
| 5.5. Bustadmiljø og bukvalitet | 52 |
| 5.6. Uteopphaldsareal | 52 |
| 5.7. Miljøtiltak | 57 |
| 5.8. Samferdsle | 57 |
| 5.9. Universell utforming | 59 |
| 5.10. Vatn og avlaup | 59 |
| 5.11. Risiko og sårbarheit – avbøtande tiltak | 61 |
| 5.12. Rekkefølgjeføresegner | 62 |
| 6. Planprosess og medverknad | 64 |
| 6.1. Planprosess | 64 |
| 6.2. Konsekvensutgreiing | 65 |
| 7. Verknader og konsekvensar av planframlegget | 67 |
| 7.1. Overordna planar | 67 |
| 7.2. Eksisterande reguleringsplanar | 67 |
| 7.3. Tettstadforming og arkitektur | 68 |
| 7.4. Landskap | 69 |
| 7.5. Kulturminne og kulturmiljø | 69 |
| 7.6. Jordressursar | 70 |
| 7.7. Naturmangfald | 71 |
| 7.8. Samanhengande blågrøn struktur | 71 |
| 7.9. Folkehelse, rekreasjon og friluftsliv | 71 |
| 7.10. Sosial infrastruktur | 72 |
| 7.11. Born og unge sine interesser | 72 |
| 7.12. Samferdsel og mobilitet | 72 |
| 7.13. Vassforsyning og avløp | 73 |
| 7.14. Energi og klima | 73 |
| 7.15. Universell utforming | 74 |
| 7.16. Risiko og sårbarheit – konsekvensar | 74 |
| 7.17. Juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen | 74 |
| 7.18. Konsekvensar for næringsinteresser | 74 |
| 7.19. Interessesmetsetnadar og konsekvensar for naboar | 74 |
| 8. Avsluttande avveging | 75 |

1. Innleiing og nøkkelopplysingar

1.1. Innleiing

Asplan Viak AS fremjar på vegne av Studentsamskipnaden på Vestlandet AS detaljregulering for ny barnehage på 23/6 m.fl. på Kvåle. Området er merka som BBH2 i vedteken Områdereguleringsplan for Fosshaugane Campus. Areal for ny barnehage vert regulert med tilhøyrande tilkomstveggar, parkering, snuplass og gangvegssystem for mjuke trafikantar. Det blir også lagt opp til to bustadtomter og sikring av bandlagt kulturminne. Intensjonane og føremåla i områdeplanen vert vidareført, men areala er justert noko for å tilpassast behov og landskapet sin karakter.

1.2. Nøkkelopplysingar

| | | | |
|---------------------------------|--|--|---|
| Stad: | Kvåle | Gards- og bruksnummer: | 23/6, 23/12, 23/42, 23/43, 23/55, 23/99, 23/211 og 23/229 |
| Gardsnamn/adresse: | Gardsnamn er Kvåle. Tiltaket får ny adresse i Kvålevegen | | |
| Framleggsstillar: | Studentsamskipnaden på Vestlandet | Plankonsulent: | Asplan Viak AS, Leikanger |
| Sentrale grunneigarar: | Jenny Merete Ylvisåker Mo (23/6), Tone Myklebust Kvåle (23/12), Erik Kvåle (23/42), Jarle Skartun (23/43), Sogndal kommune (23/229) og Statens vegvesen (23/211) | | |
| Hovudformål i planen: | Ny barnehage | Storleik på planområdet: | 53,0 daa |
| Grad av utnytting: | 30% | Nytt bruksareal / Tal nye bueiningar: | 2 bueiningar og ein barnehage |
| Varsel om motsegn: | Nei | Konsekvensutgreiingsplikt: | Nei |
| Kunngjering av oppstart: | I Sogn avis: 04.06.2022 | Offentleg ettersyn: | dd.mm.åååå |
| Problemstillingar: | Flaum, skred, kulturminne, matjord, Kvålekrysset og tilkomst | | |

2. Bakgrunn

2.1. Bakgrunn for planarbeidet

Studentbarnehagen i Sogndal har over tid sett behov for oppgradering av bygningsmassen og utomhusanlegget for deira noverande barnehage i Dalavegen og Sogndal kommune ser behov for nye lokale som kan erstatte Kyrkjebakken barnehage.

Studentsamskipnaden på Vestlandet AS (Saman) fekk førespurnad frå Sogndal kommune om bygging av ny barnehage ved Fosshaugane campus. Sogndal kommune og Studentsamskipnaden på Vestlandet har gjort vedtak om å samlokalisere dei to barnehagane som då vil erstatte dei to noverande barnehagane i Dalavegen og Kyrkjebakken.

Områdereguleringsplan for Fosshaugane (arealplanid: 1420-2016011) inneheld areal for barnehage på Kvåle like ved Kvåle stadion og Kvåle skule. Det vart konkludert med at denne tomte var godt eigna for føremålet, og at ein detaljreguleringsprosess skulle startast snarleg. Dette med føresetnad om at Kvåleveggen vert utbetra og det vert etablert god tilkomst for gåande og syklende.

Asplan Viak AS fremjar på vegne av Studentsamskipnaden på Vestlandet detaljregulering for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage med tilhøyrande tilkomstvegar, parkering, snuplass og gangvegssystem for mjuke trafikantar samt to bustadtomter og sikring av bandlagt kulturminne. Detaljreguleringsplanen følgjer intensjonane i områdeplanen for Fosshaugane (arealplanid: 1420-2016011). Føremåla er i hovudsak dei same som i Områdereguleringsplan for Fosshaugane, men storleiken og plassering av enkelte føremål er justert og bustadføremålet er flytta nord for barnehagetomta.

2.2. Siktemål med planframlegget


Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny barnehage for om lag 89 barn, med tilhøyrande infrastruktur.

3. Planområdet – dagens situasjon

3.1. Plassering og avgrensing


Planområdet er lokalisert på Kvåle i Sogndal, Sogndal kommune. Kvåle ligg i den perifere byggesona like i nærleiken av Fosshaugane Campus og tett på Riksveg 5, Fjærlandsvegen. Tilgrensande bebyggelse er einebustader og rekkehus i Lunnamyri og einebustader i Kvålevegen. Det er ikkje etablert avkøyrsløp til planlagt barnehagetomt, men områdeplanen viser tilkomst frå Kvålevegen. Planområdet sitt samla areal er på om lag 57,3 daa, etter utviding av planområde.

Figuren nedanfor viser planområdet si plassering i høve Sogndal sentrum, Fjora.




Figur 3-1: Lokalisering av planområdet. Svart strek syner planområdet (Asplan Viak AS).

Planavgrensinga i figurane nedanfor (stipla strek) viser varsla område. Endeleg planavgrensing er justert noko ned i høve varsla område. Planavgrensinga tar i hovudsak med seg ein del av Fjærlandsvegen, fyrste del av Kvålevegen og areal til ny tilkomst for eigedom 23/120. Plangrensa sikrar også moglegheit for gangtilkomst til Lunnamyri både gjennom eigedom 23/12 og 23/229. I tillegg inkluderer planområdet areal til barnehage med tilhøyrande infrastruktur (tilkomst /parkering /snuplass) på eigedommane 23/6, 23/42 og 23/43. Planen sikrar bandlagt kulturminne på eigedom 23/12.



Figur 3-2: Flyfoto som viser planområdet. Kvit stipla strek syner varsla planområde. Kjelde: kart.asplanviak.no.



Figur 3-3: Varsla planområde vist med svart stipla strek og eigedomsgrenser, kart.asplanviak.no

Biletet nedanfor viser delar av planområdet sett frå motsett side av Fjærlandsvegen. Lokalisering av barnehagetomt er vist med kvit stipla strek.




Figur 3-4: Delar av planområdet sett frå motsett side av Fjærlandsvegen. Lokalisering av barnehagetomt er vist med kvit stipla strek. Kjelde: Asplan Viak.

3.2. Arealbruk

Dagens situasjon tek utgangspunkt i vedteken områdeplan, der delar av verdiane er vedteke nedbygd. I områdeplanen er areala i hovudsak regulert til privat/off. tenesteyting, barnehage, bustad, idrettsanlegg, friområde og trafikkføremål. Vedteken områdeplan vil difor ha innverknad på vurderinga av planframlegget sin påverknad av arealbruken.

Faktisk arealbruk i planområdet er knytt til landbruk, der frukt- og grasdyrking står for det meste av produksjonen. Planområdet er sett som jordbruksareal i temakartet «Arealtype (AR50)», medan tilgrensande areal i hovudsak er bebygd, samferdsel og industri.

Temakartet viser arealressursar i Norge (NIBIO). Sjå utsnitt nedanfor med lokalisering av barnehagetomta med svart stipla strek.



Figur 3-5: Temakart som viser arealbruken i området (AR50). Utsnitt henta frå NIBIO. Lokalisering av barnehagen vist med svart stipla strek.

3.3. Landskap og staden sin karakter

Landskap

Overordna ligg planområdet i landskapsregion 23 – indre bygder på Vestlandet. Regionen vert kjenneteikna ved å ha ei betydeleg nedskåren form, omgitt av høge fjell. Jamfør Naturbase er landskapstypen i området beskrive som *relativt ope dallandskap under skoggrensa med tettstad og høgt jordbrukspreg*. Noko som er karakteristisk for landskapstypen er dallandskap der intensiv arealbruk og jordbruk pregar området. Planområdet ligg på nordsida av dalføret, Sogndalsdalen, i ei sør-austvendt helling med dalsida som bakvegg. Dalen som landskapsrom vert avgrensa av fjella Stedjeåsen (625 m.o.h) i sør og Skjeggen (728 m.o.h) i nord som opptre som overordna, framstående landskapselement. Dalen opnar seg opp i møte med Sognefjorden og vert avgrensa av fjellmassivet Loftesnesfjellet i aust. Sjølve planområdet er relativt lite i det storskala landskapet.



Figur 3-6: Bilete teke i bakkant av planområde, mot Sognefjorden. Utsnitt henta frå kommunekart.no.

Det småkuperte landskapet, ved planområdet, med mindre knausar og søkk vert prega av dyrka mark med stadvis trerekker av frukttre. Planområdet består av ein sørvendt eplehage i aust og jordbruksareal i vest. Ein bekk (Kvålsgrovi) skil dei to areala i nordsør-retning. Eplehagen i aust stig jamt frå omtrent kote +60 til +80. Jordbruksarealet i vest består av ei flate som ligg på kote +75 til +85. I nord grensar området til ei bratt lausmasseskråning.



Figur 3-7: Foto syner bilete teke frå Kvåleveggen mot sør (Asplan Viak).

Fruktdyrking har vore ein viktig del av ressursgrunnlaget for Sogndal opp gjennom tidene, men også som ein viktig identitetsberande faktor. Alt frå 1300-talet er det spor etter fruktdyrking frå skiftet på Kvåle (Sogndal kommune). Garden Kvåle har vore ein stor og rik gard, flyfoto frå 1959 viser at gardstunet bestod av fleire gardsbygningar (sjå biletet nedanfor).

Det er ingen eksisterande bebyggelse innanfor planområdet i dag, men området rundt har bustader med varierende storleik. I nord og aust er det varierende bygningstypologi med nye og eldre byggefelt med einebustadar og rekkehus. Desse har større hagar. Bygga ligg i hovudsak fritt med vegar og opne rom mellom seg. Bygga orienterer seg etter terrenget og hovudvegane i området. Mot nord-vest er det fleire gardsbruk med tunstruktur. Kvåle stadion og Kvåle skule ligg like aust for planområdet. I sør går hovudferdselsåra Fjærlandsvegen nedover dalen mot Sognefjorden. Området er synleg frå motsett dalside og frå Fjærlandsvegen.



Figur 3-8: Flyfoto over tunet på Kvåle, 1959. Kjelde: fylkesarkivet.no

Samla er dagens situasjon for landskap innanfor planområdet, med frukthagane, dyrka mark og bekken, vurdert til middels verdi.

Dagens landskapsverdiar er i områdeplanen delvis vedteke nedbygd. I områdeplanen er areala i hovudsak regulert til privat/off. tenesteyting, barnehage, bustad, idrettsanlegg, friområde og trafikkføremål. Vedteken områdeplan vil difor ha innverknad på vurderinga av planframlegget sin påverknad på landskapet i kapittel om verknader.


Klima - nedbør, vind og soltilhøve

Jamfør rapport *Skredfarevurdering reguleringsplan Kvåle barnehage (2023)*, har området tørt vestlandsklima med relativt milde temperaturar. Gjennomsnittstemperaturen varierer frå ca. -1°C i desember-februar, til $15,4^{\circ}\text{C}$ i juli. I gjennomsnitt er det plussgrader frå mars til slutten av november. Det er mest nedbør frå september til og med mars, og minst i april-juni. Gjennomsnittleg årsnedbør for området er 1174 mm, med ein aukande trend.

Sjå rapport *Skredfarevurdering reguleringsplan ved Kvåle barnehage, Sogndal kommune (Asplan Viak, 2023)* for meir detaljert framstilling av klimadataene.

Figur nedanfor viser dominerande vindretning, vindretning for generell nedbør og vindretning ved snø (temperatur under 1°C). Figuren viser at flest dagar er registeret med vind frå nordaust, nord, nordvest, vest og sørvestvest, med høgast vindstyrke frå vest, sørvest og nordvest og flest dagar frå nord.

Nedbørsførande vindretning er hovudsakeleg frå sør sørvest og vest. Mest nedbørsførande vindretning frå sørvest og flest dagar frå vest. Snøførande vindretning er frå sørvest, vest, nordvest og nord. Med flest dagar frå vest og mest snøførande frå sørvest.



Figur 3-9: Vindrosar frå Nuken (919 moh.) Utsnitt henta frå rapport *Skredfarevurdering reguleringsplan Kvåle barnehage (Asplan Viak AS)*.

Planområdet ligg i «munningen» av eit austvendt dalrom, på eit søraustlegghellande område, med relativt høge omkringliggende fjell. Dei lokale topografiske forholda avgrensar naturleg soltilgang, med størst utslag på vinterstid. Jamfør *Solstudie (2023)* av ARKI Arkitektar AS, er det ingen sol i planområdet i perioden mellom medio november og fram til omlag månadsskiftet januar-februar - godt og vel 2.5 månad. Frå medio mars til slutten av september er det teoretisk soltilgang på heile tomtearealet frå omlag kl. 09.00 på morgonen og minst fram til kl. 17.00 på ettermiddagen, då sett vekk i frå skuggelegging frå bygningar og anna (sjå vedlagt solstudie for simulering av landskapsmessig skuggelegging).

3.4. Kulturminne og kulturmiljø

Plasseringa til Sogndal har vore gunstig, og menneska slo seg tidleg ned her. Registrerte kulturminne og arkeologiske utgravingar viser til ei rik og spanande kulturhistorie. I samband med tidlegare utbyggingar i området er det gjort fleire undersøkingar, der undersøkingane på Stedje, Rutlin og Kvåle skil seg ut i omfang.

Kvåle var ein av dei først busette gardane i Sogndal, med funn som syner fast busetnad for kring 2000 år sidan. I samband med utbygging av byggjefeltet Kvåle - Gurvin vart det utført arkeologisk utgraving der det vart gjort betydelege funn av busetnad- og aktivitetsspor. Funna tydar på ein samanhengande tunstruktur frå eldre bronsealder til middelmallalder.

I dag er området utbygd, men området kring Studlahaugen er bevart. Gravrøysa er regulert til «spesialområde - bevaringsområde for gravhaug». Som ein utvida buffer har ein i tillegg lagt eit større område til friområde.

I samband med planforslag om vegutbygging med gang- og sykkelsti over Kvåle vart det i 2012 gjort registreringar i området rundt dagens tun. Fordelt på tre lokalitetar var det påvist restar etter førhistorisk gardsbusetnad og jordbruksaktivitet, som viste restar etter fleire bygningar, flatmarksgrav, kokegroper, stolpehol og produksjonsstad for tjørebrenning samt tilverking av jarn. Det vart også påvist mange spor etter førhistorisk dyrking. Dei daterte funna syner restar etter eit tun frå vikingtid og mellomalder. Eit tjørebrenningsanlegg vart datert til eldre jarnalder.

Den rike kulturhistoria på Kvåle er også kjent gjennom andre arkeologiske funn og dei mange gravminna frå jarnalderen. Både plassering, storleik og gravfunna vitnar om at dei gravlagde hadde høg sosial og økonomisk status. At det var kyrkje på garden viser at dette var ein storgard også i mellomalderen. På 1200-talet var Kvåle lendsmannssete og på 1300-talet var dette ein av dei gardane i landet som betalte mest skatt. På 1300-talet er det sagt at det var eit baroni på Kvåle, og at garden hadde eigne skip som gjekk til Island. Adelsgodset Kvåle kan sporast attende til Hans Sigurdsson som var godseigar i landet på 1400-talet. Ut ifrå Skattematrikkelen frå 1647 kan det sjå ut som Kvåle den gong var 6,5 gonger større enn gjennomsnittsgarden i Sogndal.

Kvåle sokn er omtala i skriftlege kjelder tidleg på 1300-talet, men lik mange andre kyrkjer gjekk ho av bruk i øydegardsperioden. I brev frå 1544 er det opplyst at Kvåle kyrkje var til nedfalls. Inn på 1800-talet låg det framleis restar av kyrkja, som tyder på at det var ei steinkyrkje. Då dei bygde inste fjøsen på Kvåle i 1830-åra, tok ein murstein frå kyrkjetomta. I nærleiken av området er det også funne dyrkingsspor frå bronsealder, gravminne frå jarnalderen og busetting frå vikingtid - mellomalder. Heile området er ikkje regulert, men

to reguleringsplanar har sett av område til «spesialområde bevaring av anlegg - kulturminnevern» knytt til desse kulturminna.

Vestland fylkeskommunen har utført registreringar i området, jf. kml. §9. Det er registrert kulturminnelokaliteter i vestre del av planområdet (dyrkingsspor og tjøremile). Alle desse lokalitetane (Askeladden id 243575, 160898, 161118 og 243570) er tidlegare arkeologisk undersøkte og fjerna. Dette er kjent automatisk freda busetnads- og aktivitetsspor på Ingahaugen (Askeladden id 107484) innafør planområdet.

I Influensområdet aust for planområdet er det registrert fleire store kulturminnelokalitetar. Busetnadsspor i området der Kvåle klyngetun låg er utgravne og fjerna (Askeladden id 160850). Det same gjeld to lokalitetar med dyrkingsspor (Askeladden id 296119 og 149069). Kvåle kyrkjestad frå mellomalderen (Askeladden id 131806) er automatisk freda, men ligg i god avstand nordaust for planområdet. Kyrkja på Kvåle var ei steinkyrkje med rektangulært skip og smalare, rektangulært kor. Kyrkja har stått på innmark i utkanten av gamletunet, ca 75 m vest for gravhaugen «Halvardshaugen». Kyrkja har ut i frå dette vore plassert på ein terrasse nordaust for husa på garden. Frå utskiftingskart er det klart at gamlevegen gjekk gjennom tunet frå søraust mot nordaust. Kyrkja har truleg stått sentralt i forhold til vegen.



Figur 3-10: Kartutsnitt frå den nasjonale kulturminnebasen Askeladden som syner kulturhistoriske verdier i plan- og influensområdet. I tillegg utgjer store delar av planområdet kulturhistorisk jordbrukslandskap med stor tidsdjupne. Kjelde: Riksantikvaren.

Samla er dei kulturhistoriske verdiane i plan- og influensområdet vurdert til stor verdi, først og fremst knytt til tunområdet på gbnr. 23/45 med verneverdig bygningsmiljø og kulturlandskap på Kvåle, og Kvåle kyrkjestad med kringliggjande førhistoriske kulturminnelokalitetar.


Dagens situasjon tek utgangspunkt i vedteken områdeplan, der påviste kulturminnelokalitetar er utgravne og fjerna med unntak av det automatisk freda busetnadsområdet som ligg i bandleggingssone i friarealet i aust. Innafor planområdet ligg berre busetnadslokaliteten (Askeladden Id 107484) att. I dagens situasjon er difor kulturmiljøverdiane lågare innafor planområdet enn kulturmiljøet som heilskap i plan- og influensområdet. Det kulturhistoriske jordbrukslandskapet er i områdeplanen i hovudsak regulert til privat/off. tenesteyting, barnehage, bustad, idrettsanlegg, friområde og trafikkføremål. Dette vil ha innverknad på vurderinga av planframlegget sin påverknad på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i kapittel om verknader.




Figur 3-11. Bilete til venstre: Det automatisk freda busetnads- og aktivitetsområdet (Askeladden Id 107484) ligg i dyrka mark til venstre for gardsvegen, i samanheng med gardstunet som eit samla kulturhistorisk miljø. Gardstunet på bruket Gjestgarden (gbnr. 23/12) til venstre. Foto: Tone Kvåle.

3.5. Landbruk

Figur nedanfor viser at areal i området i hovudsak er registrert som fulldyrka jord. Jorda har i følgje NIBIO stor verdi (figur 3-12). Fulldyrka jord er jordbruksareal som er dyrka til vanlig pløyedjupne, og som kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying. På gbnr. 23/6 er det frukttre. Eldre flybilete viser at det har vore frukttre i planområdet tilbake til 1960-åra. Det er og vist til fruktdyrking på Kvåle i jordskifte gjennomført i 1322.



Figur 3-12: Utsnittet syner jordbruksareal i området. Kjelde: <https://gardskart.nibio.no/>



Figur 3-13: Den dyrka marka er av stor verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO, Kilden).



Figur 3-14: Foto syner bilete teke frå Kvålevegen mot sør [google.no/maps](https://www.google.no/maps)

Store delar av den dyrka marka i planområdet er av stor verdi, då den er fulldyrka og ikkje tungbrukt. Samla er dagens situasjon for landbruk innafor planområdet vurdert til stor verdi.

Dagens landbruksverdiar er i områdeplanen vedteke nedbygd. Landbruksareal er i områdeplanen i hovudsak regulert til privat/off. tenesteyting, barnehage, bustad, idrettsanlegg, friområde og trafikkføremål. Vedteken områdeplan vil difor ha innverknad på vurderinga av planframlegget sin påverknad på landbruk i kapittel om verknader.

3.6. Naturverdiar

Berggrunnen i området består av tonalittisk til granittisk gneis. Dette er harde og sure bergartar som gjer lite plantenæringsstoff. Lausmassane er breelvavsetning (glasifluvial avsetning).

Det er ikkje gjennomført eigne kartleggingar i felt. Ingen naturtypelokalitetar eller raudlista artar er tidlegare registrert innanfor planområdet. Planområdet ligg i eit landskap med restar etter gamal kulturmark. På bakgrunn av historiske ortofoto og flybilete vert potensialet for å finne verdiar knytt til gamal kulturmark, som store, gamle tre, vurdert som stort, særleg langs Fjærlandsvegen. Området bør undersøkast nærmare ved ei eventuell utbygging. Området er vurdert til å ha noko verdi.

3.7. Rekreasjonsverdi, bruk og friluftsliv

Planområdet er i dag bestående av ein sørliggande frukthage og er såleis eit grøntområde i nærleiken av bebyggelsen på Kvåle og Kvåle stadion /Kvåle skule. Området er dyrka og delvis inngjerda. Innanfor planområdet går det ein sti/snarveg frå Lunnamyri, via idrettsplassen mot planområdet og vidare sør til riksvegen (figur 3-15). Stien vert avgrensa av gjerde inn mot frukthagen. Delar av stien ligg i kartlagt friluftslivsområde med områdenamn Kvåle Stadion (Id: FK00032276) som har verdi som svært viktig friluftslivsområde, jamfør Naturbase (figur 3-16). Bruksfrekvensen av heile friluftslivsområdet (Id: FK00032276) er ganske stor med høg grad av tilrettelegging. Ein kan anta at stien vert nytta i stor grad av nærliggande bustadar samt som alternativ oppvarmingsløype for aktivitet på Kvåle stadion.

Idretts- og skuleområdet på campus og Kvåle er mykje brukt og tiltrekk seg mykje aktivitet. Kvåle stadion er også ein viktig møteplass. Området her vert blant anna nytta til friidrett, fotball, sandvolleyball, basket og anna lek. Bakken vest for stadion vert nytta til aking jamfør planomtale for områdeplan Campus Sogndal (PlanID 1420-2016011).

Delar av Kvålevegen som ligg innanfor planområdet er kartlagt som viktig friluftslivsområde (Områdenamn: Kvåle, Id: FK00032277) og beskrive som eit større LNF-område som blir brukt til fritidsaktivitetar og eit utfersdområde til turar i skog og fjell. Friluftslivsområdet har middels bruksfrekvens og ikkje tilrettelagt (Naturbase).

Området i dag er for det meste dyrka mark med frukttre og grasproduksjon. Areal innafor planområdet er i liten grad tilrettelagt eller tilgjengeleg, med unntak av dei kartlagde friluftsområda: Kvålevegen og nordre del av skule- og idrettsområdet. Bruken av dei ulike områda innanfor planområdet er svært ulike, frå ingen tilgang til nytta av mange. Ein har vurdert at dagens situasjon for det samla friluftslivet innafor planområdet har middels verdi.

Dagens friluftsverdiar er forsterka i vedteken områdeplan. Friluftsverdiane er i denne sikra gjennom føremåla turveg, gang-sykkelveg, barnehage, idrettsanlegg, friområde. Vedteken områdeplan vil ha innverknad på vurderinga av planframlegget sin påverknad på friluftsliv i kapittel om verknader.



Figur 3-15: Flyfoto som viser sti/snarveg gjennom planområdet




Figur 3-16: Kartlagde friluftslivsområde i området (Naturbasekart).

3.8. Skule og barnehage

I nærleiken av planområdet ligg Kvåle skule. Kvåle skule består av trinna 6-10 og omlag 390 elevar. Elevane frå trinna 6-7 kjem frå Trudvang skule, medan trinna 8-10 også har elevar frå Norane og Fjærland.

Sogndal studentbarnehage i Dalavegen, Kyrkjebakken barnehage og Stedje barnehage ligg i overkant av 1 km frå planområdet. Ein finn også Fosshagen barnehage innanfor 1 km avstand. Sjå plassering av barnehagar i kartutsnittet nedanfor. Campusområde for Høgskulen på Vestlandet ligg om lag 700 m frå planområdet.



Figur 3-17: Barnehagar i nærleiken av planområdet (Asplan Viak AS).

3.9. Barn og unge sine interesser

Det er ikkje kjent at born og unge brukar sjølve arealet innafor planområdet i dag, med unntak av den delen som går frå Lunnamyri til planområdet. Området består i stor grad av fulldyrka jord, som er utilgjengeleg for born og unge. Området består også av veganlegg som Kvålevegen og Fjærlandsvegen. Kvålevegen vert i noko grad nytta som turveg. Som nemnt tidlegare ligg området tett på Kvåle skule med tilhøyrande leikeplass og Kvåle stadion, samt Fosshaugane campus kunstgrasbane, sandvolleyballbane, friidrettsanlegg, klatrevegg mm. Det er ein leikeplass tilknytt Kvåle skule.

3.10. Veg og trafikktilhøve


Kryssområdet Fjærlandsvegen-Kvålevegen samt ein del av Fjærlandsvegen og Kvålevegen inngår i planområdet.

Kvålevegen er regulert i «Detaljregulering for Kvålevegen» (planid: 4640_1420-2011014). I planomtalen (kap. 3, overordna trafikksituasjon) er det mellom anna vist til at vegen fungerer som ein samleveg for busetnaden i området. For dei som skal i retning Førde, Fjærland og Sogndalsdalen, vil dei frå Åbergevegen og øvst i Dalavegen nytte denne vegen som snarveg. Fosshaugane Campus (idrettsanlegg og alle skulane), skapar mykje trafikk. Det syner seg å vere arbeidsreisande som står for hovuddelen av trafikken på Dalavegen, og for mange av desse er Campus-området enden på arbeidsreisa eller eit "dropp-punkt" for avlevering på veg til arbeid ein annan stad. Campus-området genererer mykje trafikk grunna høg mengd arbeidsplassar og annan aktivitet knytt til skule, høgskule og idrettsanlegg. Krysset Fjærlandsvegen - Kvålevegen er i dag eit T-kryss utan kanalisering.

Kvålevegen er i dag asfaltert frå krysset ved Fjærlandsvegen og opp til eigedom gbnr 23/99, ved Kvålegrovi, med varierende kvalitet. Strekinga ved Kvålegrovi er gruslagd. Breidda varierer noko, men ligg for det meste mellom 3,5 til 4 meter. Avkøyrslar og lommer langs vegen vert nytta som møteplassar. Enkelte parti på vegen er brattare enn det som er kravet til stigning for kommunale vegar i Sogndal kommune, 10%. Dette gjeld stigninga frå krysset ved Fjærlandsvegen og oppover som i dag har stigning opp mot 13%, samt ei strekning der vegen kryssar Kvålsgrovi, med stigning på 11,5%. Fartsgrense på Kvålevegen er sett til 50 km/t og Fjærlandsvegen har 80 km/t (Vegkart, 2023).

Etter om lag 70 meter frå krysset ved Fjærlandsvegen har vegen eit markant høgbrekk, som gjer det vanskeleg å sjå møtande trafikk. Vinterstid på same staden vil stans ved avkøyrsla til gnr. 23 bnr. 55, grunna møtande bil, forplante seg ned til krysset og i verste fall stanse trafikken på Fjærlandsvegen.

Fjærlandsvegen, Rv 5, er ei av hovudferdsleårene til/frå Sogndal og generere store mengder trafikk. Riksvegen går frå Skei, ned gjennom Sogndalsdalen og gjennom planområdet i sør. Frå Fjærlandsvegen er det avkøyrslar til Kvålevegen og til KV18, som leier over Sogndalselvi mot Skjeldestad.




Figur 3-18: Trafikkmønster, Kjelde: «Detaljregulering for Kvålevegen», Norconsult

Trafikkmengde

Fjærlandsvegen har registrert ein ÅDT=2500 med 17% andel lange køyretøy. Det vart gjennomført ei trafikkteljning og trafikkanalyse i krysset Kvåle x Fjærlandsvegen den 24.10.2023 kl. 07.00 - 09.00 og 26.10.2023 kl. 14.30 - 16.30. Analysa seier at om morgonen kjem all trafikk inn i krysset frå aust og 83% av trafikken går ut av krysset mot aust. Om ettermiddagen kjem 12% av trafikken frå vest og 82% frå aust. 12% skal mot vest og 82% mot aust (figur 19) . Det er derfor størst trafikk til og frå krysset mot aust.

ÅDT på Kvålevegen er berekna til 300 der 5% er lange køyretøy. Sjå vedlagt trafikkanalyse for nærare omtale av trafikkforhold.



Figur 3-19: Fordeling av trafikk til Kvåle morgon og ettermiddag i blått, og frå Kvåle i raudt. Utsnitt henta frå Trafikkanalyse ny barnehage Sogndal (2023).

Trafikktryggleik

Det er registrert fire ulykker innanfor planområdet (figur 20). Alle ulykkene er på Rv. 5 Fjærlandsvegen. Ulykkene har skjedd mellom 2012 og 2019. To av ulykkene er knytt til krysset Rv. 5 Fjærlandsvegen x Kvålevegen og to er ulykker der eit enkelt kjøretøy køyrde utfor vegen.




Figur 3-20: Registrerte trafikkuulykker innanfor planområdet (Vegkart.no).

Kollektivtilbod

Planområdet ligg mellom RV. 5 Fjærlandsvegen, Kvålevegen og Lunnamyri. Det ligg tre busshaldeplassar i nærleiken av planområdet; Gurvin, Ingafossen og Fosshaugane.

Ved Gurvin går rute 802, ved Fosshaugane går rute 803 og ved Ingafossen går rutene 800, 801, 803, 806, 810 og 860. Sogndal skystasjon ligg i overkant av 1,1 km i luftlinje frå planområdet.



Figur 3-21: Busshaldeplassar i nærleiken av planområdet. Kjelde kartgrunnlag/illustrasjon: Asplan Viak.

Køyretilkomst til planområdet

Det er ikkje etablert avkøyrsløse til tomt for ny barnehage eller bustadtomter, men planområdet har tilkomstvegar som Rv. 5 Fjærlandsvegen og Kvålevegen. Områdeplanen vier tilkomst til ny barnehage frå Kvålevegen.

Mjuke trafikantar

Kvålevegen og Fjærlandsvegen, som leiår til planområdet og ny barnehage, ligg med fortau /gang- og sykkelveg i områdeplanen, men desse er ikkje etablert. I områdeplanen

er det lagt til rette for etablering av gangvegssystem frå Kvåle stadion og Kvåle skule forbi tomt til ny barnehage til undergang under Fjærlandsvegen, men desse er heller ikkje etablert. Det er ikkje offentleg tilgjengelege gangvegar for mjuke trafikantar gjennom planområdet i dag.

3.11. Universell utforming

Utanom sti nord på skuleområdet og veganlegga består planområdet i stor grad av dyrka mark i eit hellande terreng. Veganlegg, sti og dyrka mark har ikkje stigning som tilsvarar universell utforming.

3.12. Vatn og avlaup


I følgje NGU er det registrert grunnvassborehull på gbnr. 23/228 og gbnr. 23/99, som ligg rett utanfor planområdet. Det er ikkje lagt opp forsyning av drikkevatt til tomta, næraste punkt for tilkopling med tilstrekkeleg dimensjon er kum 1351 sør for feltet, alternativt kum 1380 aust for feltet. Begge er registrert med vassleidning Ø180PE lagt i 2009. Spillvatn kan førast i begge trasear (sør eller aust), truleg er kapasitet ved kum 1351 større då eksisterande last på denne er mindre.



Figur 3-22: Utsnitt over er henta frå oppstartsmøte med kommunen, referat datert 28.01.2022.

3.13. Energi

Det er ingen nettstasjonar eller kraftlinjer innanfor planområdet. Sørvest for planområdet, like ved Sogndalselvi, ligg ein transformatorstasjon.



Figur 3-23: Kraftlinjer i nærleiken av planområdet (NVE-atlas).

3.14. Støytilhøve

Tomt for ny barnehage ligg eit stykke ifrå Rv. 5, Fjærlandsvegen. Fjærlandsvegen er del av planområdet då utbygging av ny barnehage krev utbetring av Kvålekrysset. Området for ny barnehage, lokalisert med svart stipla strek i utsnitt nedanfor, er i følgje Støysone for riks og fylkesvegar (SVV) ikkje støyutsett.




Figur 3-24: Støysone for riks og fylkesvegar. Lokasjon for ny barnehage er vist med svart stipla strek. Kjelde: vegvesen.maps.arcgis.com.

3.15. Risiko og sårbarheit – eksisterande situasjon


Rasfare

Planområdet ligg ifølge NVE sine skredfarekart innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred (figur 24). Det er ikkje registrert skredhendingar i kartleggings- og påverknadsområdet i nasjonal skredatabase (Skredfarevurdering reguleringsplan Kvåle barnehage).



Figur 3-25: Aktsemdkart for snøskred og jord- og flaumskred (NVE-atlas).


Nord og sørvest for planområdet er det gjort ei skredfarekartlegging «Skredfarekartlegging i Sogndal kommune, 35/2017,NVE». Planområdet ligg utanfor skredutsett område (figur 25).



Figur 3-26: Kartlagte skredfaresoner (NVE-atlas).

Asplan Viak AS har gjennomført ei detaljert skredfarevurdering for alle typar skred i bratt terreng for reguleringsplan ved Kvåle barnehage i Sogndal kommune. Området er vurdert i sikkerheitsklasse S1, noko som tilseier at årleg nominelt sannsyn ikkje skal overskride 1/100, sikkerheitsklasse S2 som tilseier at årleg nominelt sannsyn ikkje skal overskride 1/1000 og sikkerheitsklasse S3 som tilseier at årleg nominelt sannsyn ikkje skal overskride 1/5000. Alle typar skred i bratt terreng er vurdert. Området er vurdert å ha lågare årleg sannsyn enn 1/100, men delar av området er vurdert å ha høgare sannsyn enn 1/1000, for snøskred og jordskred, og 1/5000 for snøskred, jordskred og sørpeskred.

Delar av planområdet tilfredstiller ikkje lovverket sitt krav til sikkerheit mot skred i sikkerheitsklasse S2 og S3, der årleg nominelt sannsyn for skred ikkje må overskride 1/1000 og 1/5000 (Figur 26). Risikoreduserande tiltak som kan redusere faresonene er foreslått, sjå punkt Risiko og sårbarheit - avbøtande tiltak under kapittel 5, Skildring av planframlegget.



Figur 3-27: Faresoner for snøskred og sørpeskred med årleg nominelt sannsyn 1/1000 og 1/5000 (Utsnitt henta frå skredfarevurdering, 2023), Asplanviak AS.

Flaumfare

Jamfør NVE ligg delar av planområdet innanfor aktsemdsområde for flaum. Aktsemdsområde er knytt til Kvålegrovi som renn ned gjennom området og ein mindre del av aktsemdssona til Sogndalselvi som ligg innanfor planområdet.



Figur 3-28: Aktsemdskart for flaum i planområdet. Utsnitt henta frå NVE-atlas.

Bekken Kvålegrovi som renn gjennom planområdet, er plastra. Erosjonssikringa er frå 1992 (Skredfarevurdering, 2023).



Figur 3-29: Kvålegrovi er erosjonssikra (Asplan Viak). Biletet til høgre viser del av Sogndalselvi (google maps).

Det er utført flaumsonkartlegging for **Sogndalselvi** av Asplan Viak AS (Flomsonkartlegging, Sogndalselvi ved Kvåle, 2023). Berekna 200-års flaumvassføring inkludert klimapåslag for Sogndalselvi ved Kvåle er 341 m³/s.

Det er utarbeidd flaumvurdering for **Kvålegrovi** som renn gjennom planområdet av Asplan Viak AS (Flom- og vannlinjeberegning, 2023). Berekna 200-årsflaum inkludert klimapåslag på 40% og 35% sikkerheitsmargin er 6,1 m³/s.

Vind, inversjon, kuldedrag, og så vidare

Planområdet ligg ved utkanten av Sogndalsdalen, som vert oppfatta som eit kuldedrag med låge temperaturar og vind. I følgje vurderingar av vind i rapport om skredfarevurdering, er vindstyrken høgast frå vest, sørvest og nordvest.

Ureining i luft eller grunn

Det er ikkje registrert ureining i grunn jamfør relevante databasar om forureining.

Planområdet har tidlegare blitt nytta til fruktdyrking, og det er mistanke om forureining av pesticider (DDT) som er sprøyta på og ved frukttræa. På bakgrunn av dette er det gjennomført ei miljøteknisk grunnundersøking og utarbeidd tiltaksplan for handtering av forureina massar på det aktuelle område på Kvåle. Undersøkinga er utført av Asplan Viak, med uttak av jordprøvar den 03.05.2023 og vassprøvetaking av bekken (Kvålegrovi) 2. mai og 9. november 2023.

Det blei teke prøvar frå 25 sjakter i djupne 0-1 m med gravemaskin. Prøvar frå djupne 0-0,5 m blei sendt inn til kjemisk analyse for DDT og andre pesticider. Analyseresultata viser at det er påvist DDT-konsentrasjonar over normverdi i 23 av dei analyserte prøvane, med konsentrasjonar tilsvarande tilstandsklasse 2 (lett forureina).

Det vart teke vassprøver av Kvålegrovi 2. mai og 9. november 2023. Resultata viser at det er påvist høge verdiar av koliforme bakteriar (> 200 MPN/100 ml) og påvist e. coli i alle prøvane frå november 2023, med høgast verdi i prøven frå nedre del av bekken (konsentrasjonar på > 200 MPN/100 ml). Samanlikna med verdiar i egnethetsklasser for friluftsbad og rekreasjon (SFTs veiledning 97:04) er prøvane frå midtre og nedre i egnethetsklassene «mindre egnet» for tarmbakteriar og «ikke egnet» for fosfor.


Prøvane frå mai 2023 viste noko lågare verdiar av e.coli, og generelt lågare konsentrasjonar av total nitrogen. Prøven frå nedre prøvepunkt, samt den ekstra prøven havnar hhv. i kategoriane «mindre egnet» og «ikke egnet» grunna forhøga konsentrasjonar av total fosfor.

Sjå vedlagt rapport «*miljøteknisk grunnundersøkelse og tiltaksplan*» for nærare omtale.

Beredskap

Jamfør DSB kart ligg det brannstasjon sentralt i Sogndal, med om lag 4 min køyretid via Dalavegen til planområdet og 4 min via Trolladalen og Lunnamyri. Ein har også tilgang til planområdet via Fjærlandsvegen. Ein finn også brannstasjon i Leikanger og Gaupne, med bi-stasjon på Hafslø (Sogn brann og redning IKS, 2022).

Området ligg i Vest politidistrikt med politistasjon i Sogndal sentrum (5 min unna planområdet). Sogndal Legesenter ligg om lag 2 km unna planområdet.



Figur 3-30: Lokalisering av brannstasjon, legesenter og politistasjon i nærleiken av planområdet (Kommune kart.no)

Lausmasser

I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i området for det meste brelveavsetning og elveavsetning (sjå figur nedanfor). På synfaring vart det observert bart fjell fleire stadar innanfor planområdet. Observasjonar av fjell i bekkeløp, og mindre blottingar i terrenget er teikn på tynt lausmassedekke (Skredfarevurdering).



Figur 3-31: : Illustrasjonen er henta frå ngu sitt lausmassekart for området. geo.ngu.no/kart/losmasse

Grunntilhøve

Store delar av planområdet ligg under marin grense. Marin grense i området ligg på kote 130 moh. Areal under marin grense brukast som eit generelt aktsemdsområde for områdeskred (kvikkleire), og fare for områdeskred må derfor vurderast nærmare.



Figur 3-32: Mogleighet for marin leire i området. Utsnitt henta frå NGU.

I samband med reguleringa er det gjort ei vurdering av geotekniske forhold og områdestabilitet. Vurderinga konkluderer med at planområdet er lausmassedekka, men med i hovudsak tolka tynt lausmassedekke sidan det er fleire observasjonar av berg i dagen i planområdet. Over planområdet er det terrassar med variabel lausmassemektigheit. I terrasse rett over planområdet er det delvis synleg berg. Det er tydeleg at nye bustader og ny barnehage ikkje ligg i eit løsneområde for områdeskred grunna tynt lausmassedekke med tidvis berg i dagen.

Basert på ei samla geologisk tolking, og geoteknisk vurdering av området er det usannsynleg at det skal vera løsneområder over planområdet som kan gje kvikkleireskred inn i planområdet (Geoteknisk notat).

4. Planstatus og rammetilhøve

4.1. Overordna planar

Regionale planar

Regional transportplan Vestland 2022-2033

Planen omtalar alle delar av samferdsel i fylket, som vedlikehald og utbygging av fylkesveg, skredsikring, sykkel- og gangstiar, Bybanen, Miljøløftet, trafikktryggleik, og båt og ferge. Planen blir rullert kvart fjerde år. Handlingsprogrammet som syner prioriterte prosjekt blir rullert årleg.

Handlingsprogram folkehelse 2022-2025

Det er prioritert tolv delmål/satsingar frå dei regionale planane som tiltaka skal bidra til måloppnåing på. Vidare er det lagt føringar på at tiltaka skal svare ut fem innsatsområde der folkehelsearbeidet i Vestland treng styrkast i åra som kjem.

Dei fem innsatsområda er:

- kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- sosial ulikskap i helse
- gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn
- dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning
- barn og unge - livskvalitet og psykisk helse

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018-2022

Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare BAS-regionar med meir attraktive tettstader som utfyller og styrkar kvarandre.

Gjennom prosessen er det utforma retningsliner knytt mot:

- attraktive tettstader
- attraktive bustader
- sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar


Klimaomsyn (reduksjon i utslepp av klimagassar, endring og tilpassing) skal leggjast til grunn, og inngå i alt planog utviklingsarbeid, frå overordna planarbeid til den enkelte byggesak.

Regional plan for klima 2022-2035, Vestland fylkeskommune

Planen er ein overordna og landsiktig plan for klimaarbeidet i Vestland som region fram mot 2035. Klimaplanen er eit verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet.

Arealdel til kommuneplan

Arealdelen til kommuneplan for Sogndal 2013-2023, planID: 1420-KPL-2013001, vedteke 14.11.2013.



Figur 4-1: Kartutsnitt som syner barnehagetomta i kommuneplanen (Kommunekart).

Arealformål og omsynssoner i planområdet:

- Sentrumsformål


Arealformål og omsynssoner som grensar til planområdet:

- Sentrumsformål nord, sør og aust for området
- LNF-område ligg rundt den nordvestlege delen av området

Sogndal kommune er i gang med utarbeiding av ny kommuneplan 2023 - 2033. Planen ligg ute til offentlig ettersyn.

Områdeplan

Områdereguleringsplan for Fosshaugane Campus (arealplanid: 4640_1420-2016011), vedtekte 25.04.2019.



Figur 4-2: Kartutsnitt som viser barnehagetomta i områdeplanen (Kommunekart).

Arealformål og omsynssoner i planområdet:

- Barnehage (BBH2)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP9)
- Gang- og sykkelveg (SGS1)
- Køyreveg (SKV2)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (VfV2)
- Friområde (GF)
- Turveg (GT)

Arealformål og omsynssoner som grensar til planområdet:

- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP9) ligg vest og sør for området
- Bustadareal (BKS4 og BKS6) ligg aust og sør for området
- Gang- og sykkelveg (SGS5) ligg nord for området
- Friområde (GF) ligg nord og sør for området

4.2. Reguleringsplanar

Detaljreguleringsplan for Kvålevegen


Detaljreguleringsplan for Kvålevegen, planID 1420-2011014, ikrafttredelsesdato 13.02.2014. Sjå utsnitt under.



Figur 4-3: Utsnitt frå reguleringsplan for Kvålevegen (Kommunekart).

Detaljreguleringsplan for Ingahaugen - Kvåle

Detaljreguleringsplan for Ingahaugen - Kvåle, planID 4640_1420-2003007, ikrafttredelsesdato 30.04.2003. Sjå utsnitt under.



Figur 4-4: Utsnitt frå reguleringsplan for Ingahaugen - Kvåle.

4.3. Temaplanar

- Sykkelplassplan for Sogndal sentrum 2013-2023, vedtak KS sak 10/13.
- Trafikktryggleiksplan for Sogndal kommune 2023-2026
- Overvassnorm for Sogndal kommune, 2013
- Plan for oppfølging og utbygging av gangveggar/stiar og grøntkorridorar i Sogndal sentrum, 2010
- Stadanalyse Amlabukti 2004
- Kulturminneplan Sogndal kommune, 2013

4.4. Statlege planretningslinjer, rammer og føringar

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Hensikten med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinjene skal bidra til et godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjar for å sikre god stads- og byutvikling.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og øvrig myndigheits- og verksemdutøving stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet vert førebudd på og vert tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Føremålet med retningslinjene er å synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i planlegginga og gi kommunen eit betre grunnlag for å integrere og ivareta dei unge sine interesser i planlegginga.

Nasjonal jordvernstrategi (2023)

Føremålet med strategien er å få til ei berekraftig forvaltning av jordbruksareala med eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av matjord.

5. Skildring av planframlegget


Skildringa er knytt til vedlagte plankart datert 3.4.2024, med føresegner. Planen er ein detaljreguleringsplan. Søknadar om tiltak kan skje direkte med heimel i planen. Det er krav om situasjonsplan i samband med søknadar om tiltak. For barnehagetomta er det krav om landskapsplan.

5.1. Planlagd arealbruk

Føremålet med planen er å legge til rette for ny barnehage på Kvåle med tilhøyrande køyre- og gangvegsystem. Det vert også lagt til rette for to bustadtomter, grøntstruktur og bevaring av kulturminne. Det vert lagt opp til ein god vegetasjonsbuffer langs Kvålsgrovi som skal bidra til å redusere effekten av dalatrekken på barnehagen sitt uteområde.

5.2. Reguleringsformål

Figur under viser plankart datert 3.4.2024 og arealtabellen viser storleiken på dei ulike arealføremåla innanfor planen.



Figur 5-1: Utsnitt over viser framlegg til plankart.

Arealformål

| | |
|--|-------------|
| §12-5. Nr. 1 -Bebyggelse og anlegg | Areal (daa) |
| 1111 - Boligbebyggelse -frittliggende småhusbebyggelse | 2,3 daa |
| 1161 - Barnehage | 5,9 daa |
| 1162 - Undervisning | 0,4 daa |
| 1169 - Annen offentlig eller privat tjenesteyting | 4,9 daa |
| 1400 - Idrettsanlegg | 2,1 daa |
| 1510 - Energianlegg | 0,02 daa |
| 1550 - Renovasjonsanlegg | 0,05 daa |
| Sum areal denne kategori | 18,3 daa |
| §12-5. Nr. 2-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur | |
| 2010 - Veg | 1,2 daa |
| 2011 - Kjøreveg | 11,3 daa |
| 2012 - Fortau | 0,8 daa |
| 2015 - Gang-/sykkelveg | 2,3 daa |
| 2019 - Annen veggrunn -grøntareal | 7,4 daa |
| 2082 - Parkeringsplassar | 0,4 daa |
| 2170 - Sikringsanlegg | 0,3 daa |
| Sum areal denne kategori | 19,6 daa |
| §12-5. Nr. 3-Grønnstruktur | |
| 3002 - Blå/grønnstruktur | 0,9 daa |
| 3020 - Naturområde | 4,7 daa |
| 3031 - Turveg | 0,6 daa |
| 3040 - Friområde | 5,9 daa |
| Sum areal denne kategori | 12,1 daa |
| §12-5. Nr. 5-Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift | |
| 5200 - LNFR areal for spredt bolig- fritids- eller næringsbebyggelse, mv | 2,8 daa |

| | |
|---|-----------------|
| Sum areal denne kategori | 2,8 daa |
| §12-5. Nr. 6-Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone | |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone | 0,2 daa |
| Sum areal denne kategori | 0,2 daa |
| Totalt areal alle kategoriar | 53,0 daa |

5.3. Gjennomgang av reguleringsføremål

Nedanfor vert kvart reguleringsformål gjort greie for. Dei ulike føremåla er sortert inn under hovudinndelinga bebyggelse og anlegg, samferdsleanlegg og tekniske infrastruktur, grønstruktur, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, omsynssoner og bestemmelsesområde.

Bebyggelse og anlegg

- **Bustad frittliggande, BF**

Planframlegget legg til rette for to nye einebustader innanfor formåla BF1 og BF2 med krav om parkering og uteoppholdsareal i samsvar med overordna planar.

Føresegnene for formåla er i tråd med BFS6 i gjeldande områdeplan.

Bruksareal for bygningar skal for enkelttomter ikkje vera større enn $TU=40\%$ av tomtearealet. Bygningane skal ha skråtak med takvinkel min. 22 grader og tilpassa eksisterande bygningar i området. Møneretning skal tilpassast eksisterande bygningsmasse i kvart område.

Andre areal sett av til BF i plankartet sikrar mellom anna frisikt, anlegg- og riggområde ved utviding av veg og/eller etablering av gangsoner. Det er ikkje lagt opp til andre tiltak innafør desse områda.

- **Barnehage, BH**

Føremålet gjeld areal til ny barnehage samt nødvendige areal til uteopphaldsareal og parkering for syklar. Intensjonane frå områdeplanen om barnehage på Kvåle er vidareført.

Innafor føremålet vert det lagt til rette for ein barnehage med fem avdelingar i eitt bygg. Bygget er organisert med tre småbarnsavdelingar oppe og to storbarnsavdelingar nede.

Inngangane nede er plassert på kvar ende for å sikre god utnytting av underetasjen. Bygningskroppen er på litt over 41 m. Samla er det lagt til rette for 89 barn.

Tomta ligg i ei helling med bygningskropp i to etasjar. Kotehøgde på inngangspartiet oppside barnehagebygg er på om lag k+72. Nytt bygg skal tilpassast det kringliggjande bygningsmiljøet i området.


Byggegrense er vist i plankartet. Det er tillat med mindre bygg som bodar, sykkelparkering, drivhus og så vidare utanfor byggegrensa på tomta.

Byggehøgder

Barnehagebygget er planlagd i to etasjar. Kotehøgde på topp gesims vil avhenge av plassering på tomta. I illustrasjonane vist i planskildringa ligg øvste gesims på barnehagen på omlag +80 moh.

Nabohusa i Lunnamyri ligg med mønehøgde omlag på +81 og +75 moh.

Fasade Vest
1 : 100



Figur 5-2: Illustrasjon viser framlegg til fasade vest. Kjelde: ARKI arkitekter AS.

Grad av utnytting

Det vert planlagd barnehage for 89 barn, der om lag 1/3 er under 3 år.

Rettleiande norm for barn sitt leikeareal inne er 4 m² netto per barn over tre år og om lag 1/3 meir (ca. 5,3 m²) per barn under tre år. Det gir eit minstekrav på 387,7 m² leikeareal inne. I tillegg kjem areal til garderobar, toalett, personalrom osv. Overbygd areal ute skal også reknast med i totalt BRA.

Fotavtrykket på barnehagebygget, slik det ligg føre på dette nivået, er om lag 735 m² ikkje medrekna bodareal, sykkelskur, bål plass med meir.

- **Undervisning, UN (tilsvarar BU1 i områdeplanen)**

Ein mindre del av området ved Kvåle skule ligg innanfor plangrensa langs ny gang- og sykkelveg som bind saman søre del av barnehagen med Lunnamyri.

- **Annan offentleg eller privat tenesteyting, AT (tilsvarar BOP9 i områdeplanen)**

Føremålet er direkte vidareført frå områdeplanen. Det er ingen konkrete planar for arealet, men naudsynte å innlemme i detaljplanen for ny barnehage for å sikre areal til midlertidig rigg- og anleggsområde.

- **Idrettsanlegg, IDR (tilsvarar BIA1 i områdeplanen)**

Føremålet er direkte vidareført frå områdeplanen. Det er ingen konkrete planar for arealet i denne planen.

- **Energianlegg, EA**

Arealet legg til rette for at det kan etablerast ein transformatorstasjon.

Det er ikkje sett særskilte krav til energiløysingar, men det er mogleg at det vert lagt opp til energibrønn og varmpumpe. TEK17 skal ligge til grunn for barnehagebygget. Det er ynskje om mest mogleg bruk av massivtre i bygningskroppen, både i bærande konstruksjonar og i synlege flater.

- **Renovasjonsanlegg, RA**

Arealet legg til rette for at det kan etablerast eit bygg med plass til naudsynte avfallskontainarar.

Bygget skal romme avfallsbeholdarar for handtering av restavfall og papir/papp /drikkekartong, og plastsekkar for plastemballasje samt avfallsbeholdarar for glass- og metallemballasje. Det vert lagt opp til:

- 2 stk. 660 L Restavfall (mål bxdxh: 1360 x 770 x 1180)
- 2 stk. 660 L Papp/papir (mål bxdxh: 1360 x 770 x 1180)
- 1 stk. 140 L Matavfall (mål bxdxh: 480 x 560 x 1070)
- 1 stk. 140 L til glass (mål bxdxh: 480 x 560 x 1070)

Søknad om løyve til tiltak skal mellom anna innehalde plan for renovasjonsløysing.

Som vedlegg til planframlegget er det utarbeidd ein enkel RTP-plan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Det er detaljerte krav til korleis offentlege vegar skal utformast. Krava finn ein i «vegnormalane» som Vegdirektoratet utarbeidar med heimel i § 3 i forskrift om anlegg av offentlig veg. Krav er fastsett i normalen for veg- og gateutforming, også kjent som handbok N100. Normalen nyttar dimensjoneringsklassar for å gruppere ulike vegar, og for kvar dimensjoneringsklasse har ein ulike krav til vegutforminga. Kva som er riktig dimensjoneringsklasse er avhengig av vegen sin funksjon, trafikkmengd og fartsgrense.

Reguleringsplanen for kryssområdet tar høgde for eit framtidig fullkanalisert kryss med venstre- og høgresvingefelt. Det er også lagt inn moglegheiter for å etablere eit nedskalert kryss. Viser til punkt Samferdsle for nærmare omtale av nedskalert og fullkanalisert kryssløysing i kapittel 5.3 Gjennomgang av reguleringsføre mål.

Viser til vedlegg for nærare orientering om veganlegga. Vedlegg om nedskalert kryssløysing inkluderar også andre køyrevegar og gangsamband som skal etablerast i samband med barnehagen.

- **Veg, V**

Veg V1 er tilkomst til bustadhus, gbnr. 23/120. Avkøyrsløysing vert justert på grunn av at stigning i Kvålevegen er redusert til 10%.

Veg V2 gjev tilkomst til barnehagen med tilhøyrande infrastruktur som parkeringsplassar og snuplass. Snuplassen gjev tilstrekkeleg areal for lastebil, L. Vegen er 5,5 meter brei. Vegen er også tilkomst til dei to einestadane på BF1 og 2.

Kulvert/bru over bekken.

- **Køyreveg, KV1**

Prosjektområdet (krysset Fjærlandsvegen – Kvålevegen) ligg i utkanten av Sogndal sentrum med relativt stor gjennomgangstrafikk med ei trafikkmengd på om lag 2975 køyretøy i døgnet. Vegen fungerer som ei viktig transportåre mellom Sogn og Sunnfjord, samt vidare nordover, men er også viktig for lokaltrafikken frå Sogndal og omegn ut i friluftsområda i Sogndalsdalen.

Riksveg 5, Fjærlandsvegen, er klassifisert som nasjonale hovudveg H1. For å unngå standardsprang på riksvegen i kryssområdet er det søkt om fråvik om å bruke dimensjoneringsklasse Hø1 som er betre i samsvar med eksisterande riksveg 5. Fråviksknaden er innvilga. Dimensjonerande fartsgrense er 80 km/t.

Følgjande vert lagt til grunn basert på Statens vegvesen sin vegnormal N100 Veg- og gateutforming samt fråvikssøknadane:

| | |
|-------------------------------------|--|
| Dimensjoneringsklasse: | H_ø 1 |
| ÅDT: | >2000 |
| Fartsgrense: | 80 km/t. |
| Dimensjonerande trafikk (ÅDT): | 2975 (2040) |
| Dimensjonerande køyretøy/køyremåte: | Fjærlandsvegen: Modulvogntog, MVT, køyretøy vert sikra framkome på overkøyrbart areal Kvålekrysset: vogntog, VT, køyremåte A, framkome for MVT skal sikrast på overkøyrbart areal |
| Maksimal stigning | 6 % (søkt fråvik frå krav om 5%) |
| Vegbreidde (køyrefelt + skulder): | 7,5 m |
| Sikkerheitssone | 5 meter |

Reguleringsplanen for kryssområdet tar høgde for eit framtidig fullkanalisert kryss med venstre- og høgresvingefelt. Eit fullkanalisert kryss inkluderar også gang- og sykkelveg frå Kvålevegen og nedover Fjærlandsvegen mot sentrum.

Plan og profildeikningar for redusert løysning Kvålevegen Fjærlandsvegen ligg vedlagt.

- **Køyreveg, KV 2 og 3**

Kvålevegen vert vidareført som tilkomst til bustadane som i dag nyttar vegen som tilkomst. Vegen blir også tilkomst for ny barnehage. Kvålevegen er delt i to, KV2 og KV3, då vegen er planlagt utbetra i to etappar. Fyrste etappe gjeld tiltak tilpassa tilkomst til ny barnehage og det som er omtalt som nedskalert løysing i høve nytt Kvålekryss.

Kvålevegen ligg i eit område med liten busetnad og trafikkmengd er rekna til å vera på om lag 300 køyretøy i døgeret. Vegen er smal og har låg standard. Vegen er difor prosjektert etter dimensjoneringsklasse "øvrige boliggater /boligveger", med tilhøyrande kurvatur og stigningskrav. Dimensjonerande fartsgrense er 50 km/t.

Følgjande vert lagt til grunn basert på Statens vegvesen sin vegnormal N100 Veg- og gateutforming og fråvikssøknadane:

| Dimensjoneringsklasse: | Bustadgate /bustadveg |
|-------------------------------------|--|
| ÅDT: | <1000 |
| Fartsgrense: | 50 km/t. |
| Dimensjonerande trafikk (ÅDT): | 300 |
| Dimensjonerande køyretøy/køyremåte: | Lastebil, L Kvålekrysset: vogntog, VT, køyremåte A, framkome for MVT skal sikrast på overkøyrbart areal |
| Maksimal stigning | 10 % |
| Vegbreidde (køyrefelt + skulder): | 5,5-6 m |
| Fortau | Minimum 1,5 meter, i prosjektet er det valt 2,5 meter |

Kvålevegen vert bygd tilsvarande som i fullkanalisert kryssløysing og med sikt i samsvar med dimensjoneringsklasse H1 på primærveg, Fjærlandsvegen. Sikt i kryss er sett til 134 meter.

Siktkrav frå private avkøyrslar til Kvålevegen er sett til 4 * 45 meter. Siktkrav frå ny internveg som leiar til barnehagen er sett til 6 * 45 meter.

Viser til vedlegg for meir detaljert informasjon om veganlegget.

- **Køyreveg, KV4**

Det er ikkje planlagt endringar i høve køyreveg til Skjeldestad, KV18. Veggen er med som ein del av plankartet for å sikre tilkomst for etablering av mur og tiltak knytt til fullkanalisert kryss til Kvåle.

- **Fortau, FO**

Areal er sett av til fortau langs Kvålevegen og langs internveg til ny barnehage.

- **Gang-/sykkelveg, GS**

Areal, GS1, sikrar universelt utforma gang- og sykkelveg frå Lunnamyri til sørleg del av ny barnehage. Gang- og sykkelvegen er planlagt etablert i om lag same trase som eksisterande sti.

Areal, GS2, sikrar areal til gang- og sykkelveg langs Fjærlandsvegen.

Areal, GS3, er sett av til gangveg frå Lunnamyri til nordre del av ny barnehage. Gangveg ligg tett på bustadhus på garden med gbnr 23/12 og det automatisk freda kulturminnet, eit busetnadsområde. Gangveg må tilpassast terreng for ikkje å skade kulturminnet, gangvegen vil difor truleg ikkje får universell utforming. På grunn av nærføring til bandlagt kulturminne er det ikkje areal til å etablere grøft langs gangvegen.

- **Annan veggrunn - grøntareal, AVG**

Areal sett av til SVG er grøfteareal, murar, terrengtilpassing mv.

- **Parkeringsplassar, PP**

Planområdet ligg innafør sentrumsføremål. Planframlegget legg i hovudsak til rette for bustad og barnehage med tilhøyrande trafikk og gangvegssystem. Det er lagt opp til 89 barn i barnehagen noko som medfører krav til 18 parkeringsplassar til bil og 9 parkeringsplassar til sykkel.

Parkeringstabell i kommuneplanen har følgjande krav:


| Parkeringstabell med parkeringsplasskrav | Utrekningsgrunnlag | Sykkel | Personbil | |
|--|--------------------|--------|-----------------|--------------|
| | | | Sentrumsføremål | Andre område |
| Bustad | 100 m BRA | 2 | 1,2 | 1,4 |
| Barnehage | Barn | 0,1 | 0,2 | 0,3 |

Parkeringsplassane innanfor plangrensa legg til rette for parkering for tilsette samt for henting og levering. Det er planlagt to etappar for opparbeiding for parkeringsplass. I etappe 1 er det skissert 21 parkeringsplassar vest for Kvålsgrovi. På austsida er det lagt til rette for to HC-parkeringsplassar. I Etappe 2 vert det lagt opp til 17 parkeringsplassar for bil, i tillegg til to HC-parkeringsplassar.

Illustrasjonane nedanfor viser ulike etappar i utviklinga av parkeringsplassar for bil. Fyrste etappe er tilpassa nedskalert utbygging av Kvålekrysset. I dette alternativet vert Kvålevegen utbetra frå krysset til og med avkøyring til barnehagen. Etter avkøyrsla smalnar vegen inn til eksisterande breidde på Kvålevegen. For etappe 1 er det lagt opp til at ein kan etablere tosidig parkeringsplass nord for internvegen, V2. Det blir lagt inn vendehammar for lastebil aust for parkeringsplassen. Renovasjon er plassert mellom vendehammaren og Kvålsgrovi. Vendehammaren er planlagt nytta ved varelevering, renovasjon og brøyting av veg.

Internvegen (V2) får ei breidde på 5,5 m for å sikre at det er tilstrekkeleg areal til at ein lastebil kan snu utan å ta i bruk fortauet.

Reguleringsplanen legg opp til at heile Kvålevegen vert utbetra. Etappe 2 viser at ved utbetring av vegen blir avstanden frå fortau og ny veg monaleg redusert. Det blir vanskeleg å halde på den tosidige parkeringa utan å etablere mur på 8-9 meter mellom parkeringsplass og fortau. Det er i planframlegget difor lagt til rette for at ein ved full utbetring av Kvålevegen kan etablere åtte nye parkeringsplassar (#9) rett vest for parkeringsplassen (PP1) slik at ein held på om lag same tal parkeringsplassar. Det vert etter etappe 2, 17 parkeringsplassar pluss parkeringsplass for røyrlehemma.



Figur 5-3: Utsnitt frå plankart som syner parkeringsløyning. I etappe 1 er det lagt samla parkeringsplassar i område #5 og PP1. I etappe 2 vert parkeringsplassane i #5 fjerna og nye vert etablert langs vegen i område #9. Utarbeidd av Asplan Viak AS.



Figur 5-4: Illustrasjon som viser situasjon med 21 parkeringsplassar i etappe 1, med skisserte parkeringsplassar rett vest i etappe 2. Ved utviding av Kvålevegen skal parkeringsplassane i vest (trinn 2) etablerast og skal parkeringsrekka nærast Kvålevegen fjernast. Trinn 1 legg opp til inntil 21 parkeringsplassar, mens det i trinn 2 er 17 parkeringsplassar pluss. Illustrasjon utarbeidd av Asplan Viak AS.

Planframlegget legg til rette for om lag 20 parkeringsplassar for sykkel fordelt med om lag halvparten nord for barnehagen og resten sør for barnehagen. Det er eit ynskje om at flest mogleg skal nytte sykkel for henting og levering. Parkeringsplassen for sykkel i sør er lagt under tak og det vert lagt opp til plass for lastevogn.

Avstand frå hovudinngang:

- HC-parkering: 93 m
- Renovasjon: 117 m

- **Sikringsanlegg, SIA**

Det er lagt opp til areal for eit skredsikringsanlegg nord i planområdet. Det er skissert behov for ein ledevoll med høgde om lag 0,5-1 meters høgde. Dette må vurderast nærmare i detaljprosjekteringsfasen. Vollen skal sikre at det ikkje renn vatn inn på tomta langs traktorvegen, slik det potensielt kan gjera i dag.

Grønnstruktur

- **Blå/grønnstruktur, BG**

Areal som ligg langs og i Kvålegrovi. Arealet skal mellom anna sikre kantvegetasjon.

- **Naturområde, GN**

Føremålet er direkte vidareført frå områdeplanen. Det er ingen konkrete planar for arealet, men naudsynte å innlemme i detaljplanen for å sikre areal til midlertidig rigg- og anleggsområde.

- **Turveg, TV**

Areal sett av til stiar og snarvegar.

- **Friområde, FRI**

Areal sett av til friområde. Innanfor friområdet, FR2, ligg det eit automatisk freda kulturminne, eit busetnadsområdet.

Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift, LNFR

Areal viser område for landbruk.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, BSV

Arealet er Kvålgrovi.

Omsynssonar

- **Frisikt, H140**

H140 ligg ved vegkryss og avkøyrslar. Innafor frisiktsonene skal det ikkje vera sikthindrande terreng, gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over plannivå på tilstøytande veg.

- **Ras og skredfare, H310**

H310 er område utsett for skred.

- **Flaumfare, H320_1**

H320_1 langs Kvålgrovi er område utsett for flaum.

Terrenget og gangvegane innanfor barnehagetomta må ligge høgare enn Kvålgrovi. Fundamentering av vegar og apparat må gjerast på ein slik måte at det ikkje kjem opp vatn i terrenget rundt barnehagen ved flaum.

- **Flaumfare, H320_2**

H320_2 langs Sogndalselvi er område utsett for flaum.

- **Bevaring kulturmiljø, H570**

Omsynssone H570 dekker heile friområdet den freda kulturminnelokaliteten (Askeladden Id 107484) ligg i, del av gangveg og tunet på eigedom 23/12. Dette for å sikre lokaliteten i ein heilskapleg samanheng og i tillegg sikre samanhengen mellom lokaliteten og gardstunet.

- **Bandlegging etter lov om kulturminner, H730**

H730 sikrar den automatisk freda kulturminnelokalitet (Askeladden Id 107484), busetnadsområdet, som ligg i bandleggingszone innanfor eit større friareal på eigedom med gbnr 23/12.

Bestemmelsesområder

- **Vilkår for bruk av arealer, bygningar og anlegg, #**

Arealet #5 sikrar moglegheit for å etablere tosidig parkeringsplass (PP1) ved etablering av redusert løysing for Kvålekrysset og Kvåleveggen.

- **Midlertidig bygge- og anleggsområde, # og skravur**

Planframlegget legg til rette for to einebustader innanfor formåla BF1 og BF2. Det kan etablerast ein einebustad innanfor kvart av formåla.

Føresegnene for formåla er i tråd med BFS6 i gjeldande områdeplan.

Bruksareal for bygningar skal for enkelttomter ikkje vera større enn $TU=40\%$ av tomtearealet. Bygningane skal ha skråtak med takvinkel min. 22 grader og tilpassa eksisterande bygningar i området. Møneretning skal tilpassast eksisterande bygningsmasse i kvart område.

Krav til parkering og uteopphaldsareal er som i overordna plan.

5.4. Bygningane sin plassering og utforming

For **barnehage**tomta legg planforslaget til rette for å utnytte og ivareta dei gode tomteforutsetningane og skape ein arena for å lære, leike og vekse. Naturen er ein grunnleggjende kvalitet i prosjektet.


Barnehagebygget ligg rett vest for bustadfeltet Lunnamyri på Kvåle. Barnehagen har form, retning og plassering i terrenget som tilsvarar den generelle orienteringa til bustadene i Lunnamyri. Høgde og takform tar omsyn til etablert områdekarakter.

Illustrasjonen nedanfor viser framlegg til barnehagebygget i landskapet. Anna infrastruktur og liknande er ikkje implementert i illustrasjonane.



Figur 5-3: Perspektiv frå sør. Kjelde: ARKI arkitekter AS.

Nedanfor er det vist ei mogleg utforming av ny barnehage med volum og inndeling i funksjonar.



Figur 5-4: utsnitt over viser volum og inndeling av funksjonar i framlegg til ny barnehage. Illustrasjon: ARKI arkitekter AS.

For **andre bustader** innanfor planområdet skal dei ha form, retning og plassering i terreng som tilsvarar den generelle orienteringa til bustadene i Lunnamyri og fylgje terrenget. Høgde og takform skal ta omsyn til etablert områdekarakter.

5.5. Bustadmiljø og bukvalitet

Etablering av barnehage på Kvåle vil styrke tilbudet for barn og unge i nabolaget. Barnehagen ligg tett på store bustadkonsentrasjonar og vil være eit godt supplement i eit allereie etablert område med skule og andre funksjonar tett på. Barnehagen er ein studentbarnehage for studentar og tilsette ved Høgskulen på Vestlandet, men vil også vera open for andre. Det ligg føre planar om å legge ned Kyrkjebakken barnehage i Sogndal. Born frå denne barnehagen vil få plass i ny barnehagane på Kvåle. Barnehagen sitt uteareal vil være tilgjengeleg utanom barnehagen si opningstid.

5.6. Uteopphaldsareal

Uteopphaldsareal ny Kvåle barnehage

Utearealet i barnehagen bør være om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne, jf. Kunnskapsdepartementet sin rettleiar for godkjenning av barnehagar.

Intensjonen i planen har vore å skape varierte og utfordrande uteopphaldsareal for ungane. Området har ei hovudinndeling i to soner, ei for dei store på nedsida av bygget og ei for dei små på oppsida av bygget. Anlegget er universelt utforma med gangvegssystem og leike- og opphaldsområde.

Storleiken på tomta er om lag 4 dekar. Tomta har ein del høgdeskilnader som har vore utfordrande i høve å etablere gode universelle leikeområde. Areal brattare enn 1:3 er ikkje rekna som eigna leikeområde i planen. Slik barnehagen er teikna no, er det totalt omlag 3 dekar uteopphaldsareal som ikkje er brattare enn 1:3.

Generelt for utomhusanlegget er det lagt opp til universell gangveg frå nord til sør på tomta. Det er lagt inn snarveggar der det vert vurdert som naudsynt. Det er elles eit generelt ynskje om å bruke naturlege materiale som trestammer, steinar og tilgjengeleg vatn (oppsamla vatn frå takrenner i vasstankar) som ein del av anlegget. Det er også eit generelt ynskje om å legge opp til terrengformer som kan utfordre grovmotorikken til ungane. Det er ynskje om å bruke minst mogleg gummidekke i anlegget, men universell tilkomst skal tilfredsstillast. Sjå framlegg til utforming av utomhusanlegget nedanfor.



Figur 5-5: Landskapsplan, datert 03.11.2023

Frå nord kjem ein inn porten der det også er sykkelparkering og utstyrsbod. Det er lagt opp til køyreport for tilkomst knytt til vedlikehald og brannbil, det er skissert oppstillingsplass for brannbil like nord for bygget.

Leikeområde for dei minste består i hovudsak av husker, sandkasse, leikehytter, sansesti, bakke for aking, sklie, lydroyr, røyr til å krype gjennom, steinar til å sitte på, utstyrskasse, ope areal som er eigna for ball-leik og område der ungane sjølve kan hente utstyr frå utstyrskassa og lage sine egne installasjonar og hinderløyper.

Dei eldste ungane har inngang nede. Dette området er ein del større enn området for dei minste. Det er venta at heile område vil verta nytta av alle aldersgrupper. Leikeområdet for dei eldste består i hovudsak av sklie, armgang, husker, balanseelement, røyr til å krabbe gjennom, utstyrskasser og leikehytte. Det ligg også ei grusflate som kan nyttast til ball-leik

og som område der ungane sjølve kan hente utstyr frå utstyrs-kassa og lage sine egne installasjonar og hinderløyper.

Når det gjeld vegetasjon er det planlagt frukttre i heile anlegget, men særleg knytt til inngansområda. Intensjonen har vore at når ein går inn portane til barnehagen får ein følelsen av å gå inn i ein frukthage.

Vegetasjon skal elles vera variert i høve form, farge, høgde og årstid. Det skal etablerast ein god vegetasjonsskjerm langs Kvålgrovi for å redusere verknaden av dalatrekken. Det skal i tillegg etablerast lokale vegetasjonsskjermer inne på tomte for å skape gode mikroklimatiske soner. Eit område langs grensa i aust skal gjerdast inn. Dette området er ikkje eigna til leik, men er godt eigna for blomstereng. Planen skal tilføre økosystemtjenester som til dømes pollinering /frøspreiing,

Sør på tomte er det lagt opp til ein åker med plantekasser for frukt og grønt samt blomster. Det er også lagt opp til eit drivhus og bål-plass. Til dyrkingsområdet er det sett av areal til kompost, denne skal ha tak. I samband med dyrkingsområdet er det planlagt ein samlingsplass med amfi og tilhøyrande grusplass.

Fallforhold på tomte skal detaljprosjekterast slik at det vert naturlege flaumvegar der vatn kan renne ved ekstremtilhøve.

Andre uteoppholdsareal

Planen regulerar areala friområde, turveg, naturområde og blågrøn struktur langs elva. Det er ikkje lagt opp til installasjonar i desse områda. Det kan setjast ut benkar. Vegetasjon skal takast i vare der det er mogleg. Det er viktig med ein god vegetasjonsskjerm langs Kvålgrovi for å redusere effekten dalatrekken har på området.

Friområdet i nordaust er fyrst og fremst for å ta i vare kulturminnet som ligg innanfor føremålet. Turvegane er lagt inn for å sikre gode koplingar og turmoglegheiter for innbyggjarane. Blågrøn struktur langs Kvålgrovi skal sikre naturleg vegetering langs vassdrag og redusere verknadane av dalatrekken.

Privat uteopphaldsareal

Kommuneplanen sin arealdel har sett krav til minimum 150m² for einebustader.

Solforhold

For barna i den nye barnehagen på Kvåle er det i periodar aktuelt å være ute store delar av dagen. Oppgitte tidspunkt for sannsynleg uteaktivitet gjennom året er 09-11 på

føremiddagen og frå cirka 13 til 16 på ettermiddagen. Sol- og skyggemessig er det føremiddagsøkt som i hovudsak er utsett for slagskyggeutslag frå barnehagebygget. Det er slik sett den nordvestre delen av leikearealet, småbarnsområdet, som er mest skyggeutsett.

Midtvinters ligg heile Kvåle i skugge. Sola kjem tilbake rundt 1. februar. To veker seinare (15.2.) er det sol på tomta frå om lag 8.45 til 11.00, før fjella i sør legg området i skygge att. I tidsrommet med sol vil slagskyggen frå barnehagebygningen strekke seg utover ein vesentleg del av småbarnsdelen øvst på leikearealet innanfor den første soltimen



Figur 5-6: Dato 15.02, klokka 11.00. Kjelde: Arki arkitekter AS.

Ved vårjamdøgn 20.-21. mars er det soltilgang for heile uteområdet frå litt før 8 på morgonen og fram til kl. 17. I det mest aktuelle tidsrommet for uteaktivitet på føremiddagen, 9 til 11, så er det bra med sol på småbarnsområdet øvst, og minkande på dette tidspunktet fram mot sommarsolkverv. I heile perioden mellom vår- og haustjamdøgn er det gode soltilhøve på heile leikearealet mellom kl. 9 og 17.



Figur 5-7: Dato 20.03, klokka 11.00. Kjelde: Arki arkitekter AS.

15. oktober ligg tomta periodevis heilt og delvis i skygge på ettermiddagen som følge av fjellformasjonar i sør og sørvest. I det mest aktuelle tidsrommet for uteaktivitet, 9 til 11, er det stor slagskugge frå barnehagebygget, og solmengda på småbarnsområdet øvst minkar fram til sola blir heilt borte i midten av november.



Figur 5-8: Dato 15.10, klokka 09.00. Kjelde: Arki arkitekter AS.

5.7. Miljøtiltak

Det er ikkje sett særskilte miljøtiltak for barnehagebygget og uteområdet, men det er eit ynskje om innslag av massivtre og at det elles vert bygd etter TEK17. Krav som gjeld for barnehagebygg må fylgjast.

Planen legg til rette for god kapasitet for sykkelparkering, sykkelparkering under tak og stort nok areal til sykkel med lastevogn. Barnehagen ligg i eit område av Sogndal som ikkje har tilsvarende tilbod i dag. Dette kan vera positiv for dei som soknar til dette området og sjansen for at fleire kan sykle og gå aukar.

Elles er det lagt inn i planen at utomhusanlegget skal tilføre område økosystemtjenester som til dømes pollinering /frøspreiing, vasshandtering, rekreasjon, mental helse og fysisk aktivitet, stadidentitet, matproduksjon og leik.

Det er sett krav om å hindre direkte avrenning til Kvålsgrovi og Sogndalselvi under anleggsarbeidet. Planen legg opp til gjenbruk av matjord. Det vil bli utarbeidd ein eigen plan for dette i anleggsfasen.

5.8. Samferdsle

Viser til kap 5.3 Gjennomgang av reguleringsføre mål, vedlegg trafikkanalyse og prosjekteringsnotat samt vedlegga som viser fullkanalisert og redusert kryssløysing for

dimensjoneringsgrunnlag og liknande for veganlegget innanfor planområdet. I vedlegg for redusert kryssløysing ligg også teikningar for dei andre vegane og gangvegsambanda innanfor planområdet. Nedanfor er det gjort greie for nedskalert og fullkanalisert kryssløysing, fråvik frå vegnormalane samt varelevering og tilkomst for store køyretøy.

Nedskalert og fullkanalisert kryssløysing

Reguleringsplanen viser full kanalisert kryss mellom Fjærlandsvegen og Kvålevegen. Kryssteljingar, hausten 2023, viser at det i nåverande situasjon ikkje er behov for høg- eller venstresvingefelt i krysset i henhold til Handbok N100. Trafikk til og frå Kvålevegen er retta mot aust (Sogndal). Det blei ikkje registrert venstresvingande trafikk om morgonen, men 2 om ettermiddag i dimensjonerande time. (Det vises elles til Notat Trafikkanalyse ny barnehage Sogndal).

I henhold til kryssteljinga vil det ligge ein betydeleg reservekapasitet i forhold til framtidig behov for fullkanalisering berre basert på barnehageutbygginga. **I første omgang vert det difor lagt til rette for å bygge ei redusert kryssløysing.**

Tiltaket, ei redusert kryssløysing, i Kvålevegen og i sjølve kryssområdet vil ikkje vera til hinder for ei framtidig full kanalisering av krysset. 1. etappe vil innebera ombygging av Kvålevegen horisontalt og vertikalt, dråpe i sekundærvegen (Kvålevegen) og siktsone i henhold til dimensjoneringsklasse H1 mot vest. I redusert løysing vil det bli lagt til rette for høyresvingefelt i Fjærlandsvegen. Nedskalert kryssløysing hindrar ikkje vidare utbygging til fullkanalisert kryssløysing.

Planteikning for 1. etappe, nedskalert kryssløysing, ligg vedlagt.

Fråvik frå vegnormalane

I prosjektet er det avdekka tre fråvik. Desse er følgjande:

1. Det vert søkt om fråvik frå skal krav om maksimal stigning i kryss ≤ 5 %.
2. Det vert søkt om fråvik frå krav om horisontalkurveradius ≥ 450 m i kryss
3. Det vert søkt om fråvik om å bruke dimensjoneringsklasse Hø1

Fråvika er handsama og godkjende av fråviksgruppa til Vestland fylkeskommune. Søknadane ligg vedlagt.

Varelevering og tilkomst for store køyretøy

Det er lagt opp til at varelevering skal skje på tilvist plass ved snuplassen. Det same gjeld for renovasjon. V2 og snuplass er dimensjonert for lastebil. Hovudtilkomst til barnehagebygget er dimensjonert for utrykkingskøyretøy med tilpassa stigning og breidde på veg samt oppstillingsplass ved bygget.

5.9. Universell utforming

Planområdet ligg i eit hellande terreng. Vegane som leiar til planområdet, Kvålevegen og Lunnamyri, er ikkje universelle. Frå Lunnamyri er det lagt opp til to nye gangvegar som leiar til barnehagen, ein nord på tomta og ein sør på tomta. Gangvegen som kjem inn sør på tomta er køyrbar, vegen har vedehammar. Denne tilkomsten er universell utforma.

Gangtilkomst i nord er utan fast dekke og smal, om lag 2.5 meter. På grunn av nærføring til bandlagt område og at gangvegen ligg inne i ei omsynssone må denne tilpassast eksisterande terreng. Det er ikkje rom for å gjera inngrep som kan skade det automatisk freda busetnadsområdet. Detaljprosjektering av gangvegen må likevel tilstrebe universell utforming.

Ny intern køyreveg frå Kvålevegen til ny barnehage, V2, sikrar universell utforming frå parkeringsplassen til hovudinngangen på barnehagebygget.

Internt på tomta for ny barnehage er det lagt opp til ein gangveg frå nord til sør på tomta, denne er universelt utforma. Ved portane er det lagt opp til flatare parti med helling på maks 2%. Leikeområde skal fylgje gjeldande krav og føringar for å sikre universell tilkomst til leikeapparat, dyrkingsområde mv.

Krav knytt til bygg generelt og leikeområdet innafor barnehagetomta skal fylgje krav sett i TEK 17.

5.10. Vatn og avlaup

Det ligg ei kommunal vassleidning i søraustre hjørne av barnehageformålet. Trykket er førebels uvisst. Det er usikkert om brannhydrant og bustadtomtene kan koplast til dette punktet, og dette må derfor avklarast med kommunen som del av detaljprosjekteringsarbeidet. Kommunen planlegg ny vassleidning frå nordaust som er kopla til ei høgre trykksone, men det er uvisst om denne er på plass til opning av barnehagen. Dersom trykket er for svakt for øvre behov, og ny vassleidning ikkje kjem på plass i tide, må det byggast ei mellombels løysing basert på eksisterande tilkoplingspunkt. Elles skal anlegget halda seg til kommunen si VA-norm.

Det skal vera brannsløkkingsanlegg/sprinklar i barnehagebygget. Det vert i VA-rammeplanen og stilt krav om minst ein brannhydrant i tilknytning til barnehagen. Tilkomst og slokkekapasitet skal avklarast med Sogn brann og redning IKS.


Ved ekstremnedbør større enn 20-årshendingar, er kravet at overvatn skal kunne renne på overflata, men på ein måte som gir minst mogleg skade. Flaumveggar er teke omsyn til i landskapsplanen. Kotane viser drag der vatn kan renna fritt.

Bekken, Kvålsgrovi, er flaumvurdert og vurdert for geofare. Som følgje av dette legg landskapsplanen ein svak voll på kanten av bekken.

Eventuelle konsekvensar av styrtregnvatn nedstraums er begrensa. Det finst grøne områder i alle retningar nedstraums. Bekken, Fjærlandsvegen og Sogndalselvi er rusta for påslepp. Anna overvatn kan møte idrettsanlegget, som også er eigna plass for bremsing, fordrøying og infiltrasjon, og som vil handtere ekstreme nedbørsmengder godt.

Overvassplanen ser på barnehagetomta isolert. Det vil sei at bustadtomtene må finna eiga løysing som skal følgja byggesøknad. Regnvatn frå vegareal/parkering på vestsida av bekken skal avleiast og førast til bekken innanfor planområdet. Dette hindrar auka tilrenning mot eplehagen nedanfor.

Vatn og avlaup må vurderast nærare i detaljprosjekteringa. Sjå vedlagt VAO-plan for nærare gjennomgang av eksisterande infrastruktur og avklaringar knytt til denne.



Figur 5-9 Landskapsplan med flaumveg

5.11. Risiko og sårbarheit – avbøtande tiltak

Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i tråd med DSB si rettleiar Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017) og etterkjem plan- og bygningslova sine krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3). Basert på gjennomgang av sjekklister og forhold nemnd i *Områdeplan Campus Sogndal (2019)* og ROS-analyse for gjeldande kommuneplan for Sogndal, er følgande moglege uønskte hendingar identifisert, og er vurdert nærare i ROS-analysen:

| Uønskt hending | Risiko | | | Framlegg til risikoreduserande tiltak |
|----------------|------------|------------|------------------|---------------------------------------|
| | Liv/ helse | Stabilitet | terielle verdjar | |

| | | | | |
|---------------------------------------|--|--|--|---|
| Skred (jord, stein, fjell, snø) | | | | <ul style="list-style-type: none"> Faresone er angitt i plankartet Føresegn stiller krav om skredsikring for bygningar som inngår i tryggleiksklasse S3 Aktuelle skredsikringstiltak er vurdert i skredfare rapport (Skredfarevurdering reguleringsplan Kvåle barnehage, 2023) |
| Områdeskred (Kvikkleire) | | | | <ul style="list-style-type: none"> I samband med prosjektering av tiltaka må det gjerast grunnundersøkingar for å kontrollere fundamenteringsforhold for barnehage og bruer. |
| Flaum i vassdrag | | | | <ul style="list-style-type: none"> Faresone for Sogndalselvi og Kvålegrovi er angitt i plankartet Føresegn angir at det er fare for 200-årsflaum Ved Kvålegrovi: Anbefalte tiltak i flaumrapporten skal vurderast for å hindre erosjon |
| Brann i bygningar | | | | <ul style="list-style-type: none"> Bygningar vert etablert med material, avstandskrav mm. I tråd med gjeldande byggeteknisk forskrift |
| Større ulykker (veg, bane, luft, sjø) | | | | <ul style="list-style-type: none"> Planforslaget legg til rette for utbetring av krysset Fjærlandsvegen x Kvåle. Kvålevegen vert utbetra. |
| Urban flaum/overvatn | | | | <ul style="list-style-type: none"> Føresegner sett krav til utarbeiding av VA-plan |
| Forureina grunn | | | | <ul style="list-style-type: none"> Handtering av ureina massar skal skje i henhold til utarbeidd tiltaksplan i miljøteknisk rapport |

Figur 5-10: Resultat av ROS-analyse med framlegg til risikoreduserande tiltak.

5.12. Rekkefølgjeføresegner

Det er sett rekkefølgjekrav til opparbeiding av redusert kryssløysing før barnehagen kan få bruksløyve. Vidare er det stilt krav om at fullkanalisert kryssløysing skal byggjast ut før vidare utvikling av område kan gjennomførast. Det vert ikkje stilt rekkefølgjekrav knytt til krysset når det gjeld bustadane på BF 1 og 2. Desse to bustadeiningane vil ha liten påverknad på trafikken i området.

For rekkefølgjekrav knytt til utbygging av kryss vert det vist til §9.2 i føresegnene.

For rekkefølgjekrav knytt til flaumfare vises det til §9.2 i føresegnene.

Det er sett rekkefølgjekrav til opparbeiding av sikringstiltak knytt til snøskredfare før barnehagen kan få bruksløyve. Snøskredfaren gjeld for bustadeigedommane. Områda med faresone kan likevel byggast ut dersom det blir utført risikoreduserande tiltak i eller ovanfor kartleggingsområdet.

Mogleg sikringstiltak for å hindre snøskred er etablering av støtteforbygning for å holde


snøen på plass. Ved å etablere tiltak i losneområdet hindrar ein at snøskred losnar, og faresona fell bort. Sikringstiltak må detaljprosjekterast.

For rekkefølgekrav knytt til skredfare vises det til §9.1 i føresegnene.

6. Planprosess og medverknad

6.1. Planprosess

Oppstart av planarbeidet vart fyrste gong kunngjort i Sogn Avis laurdag 4.juni. 2022. Frist for innspel vart sett til 1.juli 2022. Det vart motteke åtte innspel, tre innspel frå private partar og fem innspel frå offentlege høyringsinstansar. Alle mottekne innspel ligg i sin heilskap som vedlegg til planomtalen. Alle mottekne innspel er summert og kommentert i merknadsskjema som ligg vedlagt planomtalen. Nedanfor er det vist eit utsnitt frå områdeplanen, svart stipla strek viser området som vart varsla i høve oppstart av planarbeidet.




Figur 6-1: Varsla planavgrensing i fyrste varsel om oppstart.

Hausten 2023 vart det varsla utviding av planområdet etter innspel frå Statens vegvesen, som viser til at Kvålevegen og kryss mot rv. 5 Fjærlandsvegen må sjåast på i samband med regulering av ny barnehage. Kvålevegen er tidlegare regulert i detaljregulering for Kvålevegen (planID: 1420-2011014), vedteke 2014.

Planområdet vart også utvida mot aust og for å inkludere formålet GT (turveg) i områdereguleringsplan for Fosshaugane (planID: 1420-2016011). Dette for å sikre ein god tilkomst frå Lunnamyri til ny barnehage for mjuke trafikantar.

Varsel om utviding av planområdet vart sendt ut 23.11.23 med merknadsfrist 21.12.23. Alle mottekne innspel er summert og kommentert i merknadsskjema som ligg ved planomtalen.



Figur 6-2: Viser planavgrensing ved varsel om utvida plangrense.

Blå linje i kartet over viser den opphavsleg varsla planavgrensinga, medan stipla svart linje viser utvidinga.

Varslingsområdet sitt samla areal er omlag 57,3 daa. Plangrensa på framlegg til plankart er noko mindre enn varsla område. Utvidinga var på omlag 35,5 daa.

6.2. Konsekvensutgreiing

Etter § 4 i forskrift om konsekvensutgreiing skal forslagsstillar vurdere om planen eller tiltaket omfattast av § 6, § 7 eller § 8.

Området som er regulert til barnehageføremål ligg i kommuneplanen som sentrumsformål og i områdeplanen som barnehage (BBH2), men utbreiing noko justert i høve områdeplanen. Planinitiativet inneber å legge til rette for tiltak som er i samsvar med overordna planer.

Andre føremål er i all hovudsak i samsvar med kommuneplanen og intensjonane i områdeplanen, men med mindre justeringar.

Forslagsstillar har konkludert med at planen ikkje vert omfatta av § 6, då den ikkje inneheld tiltak i vedlegg I. § 7 omhandlar planar etter anna regelverk enn plan og bygningslova. § 8

gjeld for planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Tiltaket fell inn under punkt 10. Infrastrukturprosjekt, e) i. Bygging av veier i §8 vedlegg II.

Utgreiingstema og utgreiingsomfang skal spegle dei vesentlege problemstillingane som blir reist i planarbeidet med vekt på beslutningsrelevante forhold. Utgreiingane skal vera eigna til å gje både mynde og ålmenta eit dekkande bilete av konsekvensar og gje eit tilstrekkeleg grunnlag for å uttale seg til planforslaget. Forslagsstillar har konkludert med at planen ikkje får vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn som krev eiga konsekvensutgreiing, men at det er tilstrekkeleg med ei grundig vurdering av miljø og samfunn som ein del av planomtala.

Forslagsstillar vurderer ut i frå dette at planen ikkje omfattar tiltak som gjer at planarbeidet fell inn under det saklege verkeområdet for KU- forskrifta, og at planarbeidet difor ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.


Sogndal kommunane har også konkludert med at planforslaget ikkje skal handsamast etter forskrift om konsekvensutgreiing, jfr. plan- og bygningslova § 4-1.

7. Verknader og konsekvensar av planframlegget

7.1. Overordna planar

Planframlegget legg i hovudsak til rette for bustad, barnehage og samferdsleanlegg innafør planområdet. Områdeplanen opnar for desse føremåla innafør området. Plasseringa av dei ulike føremåla er ikkje heilt i samsvar med områdeplanen, men intensjonane i områdeplanen blir vidareført. Barnehagen vert løyst i sør innafør areal som er sett av til idrettsanlegg (BIA2), bustad (BKS6) og barnehage (BBH2). Bustad vert løyst i nord innafør område sett av til gang- og sykkelveg (SGS5) og barnehage (BBH2). I prinsippet så bytter barnehagen og bustadane plass.

Areal sett av til turveg (GT) i områdeplanen vert regulert til gang- og sykkelveg i planframlegget.




Figur 7-1: Utsnitt over viser utsnitt frå gjeldande områdeplan. Plangrense vist med raud heiltrekt strek. Kjelde: kommunekart.com

7.2. Eksisterande reguleringsplanar

Vestleg del av planområdet sikrar tilkomsten til planområdet og er regulert i reguleringsplanen Ingahaugen – Kvåle (planID: 1420-2003007). Trafikkgrunnet endrar seg ved ny bruk av vegen ved utbygging i samsvar med områdeplanen. Planframlegget

utbetrar breidde og stigningsforholdet på Kvålevegen samstundes som at krysset mot riksveg 5 vert utbetra.



Figur 7-2: Kartutsnitt som viser reguleringsplan for Ingahaugen - Kvåle. Kjelde: kommunekart.com

7.3. Tettstadforming og arkitektur

Planframlegget legg vekt på tilpassing til staden sin områdekarakter ved å sikre større grønne områder, terrengetilpassa bebyggelse og bygningsstruktur som innordnar seg til eksisterande nabolag. Nye bustadtomter er lokalisert i nærleiken av eksisterande bustader. Barnehagebygget vil i lag med dei to einebustadane danne eit tun.

Nye bygningar skal vise god terrengetilpassing og godt samspel i uttrykk, materialbruk og volum. Det er sett krav til at husa skal ha saltak.

Planframlegget legg til rette for ny barnehage innafor eit areal som i dag består av ein frukthage. Estetikken i området vil såleis endrast. Det er ønskeleg å ta vare på deler av

frukthagen då dette er eit særpreg ved eigedommen. Det er i hovudsak frukttræa i søraustleg del av eigedomen som har størst potensial for å ivaretakast.

7.4. Landskap

Store delar av landskapet blir nedbygd og/eller omarbeidd, men planen sikrar Kvålebekken som open bekk og friområde med eksisterande terreng. Det er også ein intensjon i uteområdet til barnehagen at det skal takast vare på ein del av eksisterande frukthage som ein stadeigen kvalitet.

Samla vurdering

Samla er planframlegget vurdert til å ha noko negativ påverknad /noko negativ konsekvens for landskapsbiletet.

Avbøtande tiltak

Ved terrengendringar må landskapet formast med skråningar som ikkje er brattare enn at dei kan vegeterast. Overgangen mellom ei flate til neste må vera avrunda slik at ein ikkje får kunstige brot i landskapet. Det skal generelt vera god terrengtilpassing av veganlegg og anlegget knytt til ny barnehage.

Murar skal kombinerast med skråning slik at høgda på muren /murane ikkje blir høgare enn at dei passar inn i dei kringliggande omgjevnadane i høve skala og dimensjonar.

Det må gjerast tiltak slik at særleg veganlegget i minst mogleg grad får dominerande verknad. Materialbruk skal vera tilpassa staden og omgjevnadane.

7.5. Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innafor planområdet som blir direkte råka av tiltak i planen. Tiltak (gangveg) får nærføring til automatisk freda busetnad-aktivitetsområde (Askeladden Id 107484). Lokaliteten er i områdeplanen bandlagt og ligg i bandleggingssone, H730-1, med omsynssone H570 som dekker heile friområdet lokaliteten ligg i og samanhengen med gardstunet i sør. Bandleggingssona er vidareført frå områdeplanen, men i planframlegget er det lagt inn ei omsynssone som sikrar samanhengen i det kulturhistoriske jordbrukslandskapet.

Ingen registrerte kulturminneverdiar frå nyare tid kjem i direkte konflikt med tiltaka i planframlegget, men ein større del av det kulturhistoriske jordbrukslandskapet på Kvåle, i dag dyrka mark og frukthagar, går tapt som følgje av planforslaget. Det kulturhistoriske

jordbrukslandskapet kring gardstuna med verneverdig bygningsmiljø på Kvåle blir ikkje råka av planforslaget.

Samla vurdering av verknader

Med unntak av ein automatisk freda kulturminnelokalitet (Askeladden Id 107484), ligg dei største kulturminneverdiane i god avstand til tiltaka innanfor planen, og blir ikkje råka. Ein del av det kulturhistoriske landskapet på Kvåle, ein gard med særleg stor tidsdjupne, blir redusert som følgje av planforslaget. Tiltaka i planen er vurdert til å ha mindre verknad på samhengane mellom de ulike elementa og lesbarheita i det kulturhistoriske landskapet.

Ingen kjente kulturminneverdiar ut over det kulturhistoriske jordbrukslandskapet, blir direkte råka av planforslaget. Dei største verknadane er knytt til gangveg si nærføring til den automatisk freda kulturminnelokaliteten under flat mark (ikkje synlege kulturminne), og bryt samhengene mellom lokaliteten og gardstunet i sør. Planen medfører nedbygging av delar av det kulturhistoriske jordbrukslandskapet på Kvåle. Samla er planforslaget vurdert til å ha noko negativ påverknad på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Dette gjev noko miljøskade/noko negativ konsekvens for kulturmiljø. Det vil vere noko meir negativ påverknad i anleggsfasen.

Avbøtande tiltak

I den delen av planområdet der tiltak får betydeleg nærføring til kulturminneverdiar (gangveg ved Id 107484), må det gjerast naudsynte tilpassingar av terrenget/murar som kan oppretthalde og ivareta det opphavelige visuelle inntrykket kulturminnet har, slik at tiltaket i minst mogleg grad får dominerande verknad.

I anleggsfasen må den automatisk freda kulturminnelokaliteten, Askeladden Id 107484, sikrast midlertidig med anleggsgjerdet for å unngå at lokaliteten blir påført skade.

7.6. Jordressursar

Jorda innanfor planområdet har i følgje NIBIO stor verdi (figur 3-12), og planen vil ha stor negativ verknad for jordressursar.

Store delar av arealet innafor planområdet har vært nytta til frukthage. Det er ikkje anbefalt å nytte jorda til tilsvarande areal då dette kan føre til vidareføring/smitte av sjukdommar. Jorda kan imidlertid nyttast til andre føremål.

I føresegnene er det sikra at matjord vert ivaretatt.

7.7. Naturmangfald

Planområdet er ikkje undersøkt i felt, og det kan førekome einskilde store tre. Særleg langs Fjærlandsvegen kan det finnast store tre og restar etter gamal kulturmark.

Den planlagde gang-/sykkelvegen på nordsida av Fjærlandsvegen (GS2) og ei utviding av vegarealet i vestre del av planområdet råker område som kan ha verdiar knytt til gamal kulturmark. Desse tiltaka vert derfor vurdert å kunne føre med seg noko negativ verknad for naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som for lite til å kunne seie noko sikkert om verknadar av planen, men det vert vurdert som sannsynleg at planen vil ha noko negativ konsekvens for naturmangfaldet.

Området bør undersøkast nærmare for verdifull natur (inkludert store tre) og framande artar ved ei eventuell utbygging. Anleggsarbeidet bør ta omsyn til store, gamle tre. I ein miljøoppfølgingsplan bør det vurderast tiltak for å hindre spreiding av framande artar gjennom gravearbeid i anleggsfasen.

7.8. Samanhengande blågrøn struktur

Samanhengande grøn infrastruktur vert sikra gjennom føremåla turveg (TV), friområde (FRI) og gangvegssystemet elles. Turvegen er i samsvar med framtidig turveg i overordna plan, der det er turveg gjennom området frå Sogndalselvi i sør til Lunnamyri i nord.

7.9. Folkehelse, rekreasjon og friluftsliv

Store delar av området er i dag privat og delvis inngjerda. Det går ein sti/snarveg frå idrettsplassen mot planområdet og vidare sørover mot riksvegen, men ein kan ikkje krysse frukthagen og innmarka.

Idretts- og skuleområdet på campus og Kvåle er mykje brukt og tiltrekk seg mykje aktivitet. Kvåle stadion er også ein viktig møteplass. Desse kvalitetane er forsterka gjennom områdeplanen og no gjennom detaljreguleringsplanen som legg til rette for leik og opphald i uteområdet til ny barnehage, nokre friområder og gangvegssystem gjennom området både i nord-sør retning og aust-vest retning.

Gang- /sykkelveg og stiar koplar området frå Lunnamyri, Kvåle skule og idrettsanlegg gjennom planområdet til barnehagen og vidare mot riksvegen. Ved riksvegen er det kryssing under vegen med tursti vidare på vestsida av Sogndalselvi. Sti vest for Kvålsgrovi

og gangveg gjennom barnehagen koplar tverrgående tursti i sør til gangveg og fortau langs Kvålevegen i nord.

Tiltaka planframlegget legg til rette for gjer området meir tilgjengeleg og tilfører område nye kvalitetar. Med god belysning og benkar strategisk plassert langs gangvegane /-stiane vil ein legge til rette for dei tilfeldige møta og for ulike aldersgrupper.

7.10. Sosial infrastruktur

Sosial infrastruktur som skule og idrettsanlegg ligg tett på planområdet.

Planframlegget legg til rette for ny barnehage som skal erstatte barnehagen i Kyrkjebakken og studentbarnehagen som i dag ligg i Dalavegen. Ny barnehage i området vil naturleg nok ha positiv innverknad på barnehagekapasiteten og tilføre ny leik til eksisterande skuleområde og idrettsanlegg.

Dei to bustadane det er lagt til rette for er så få at det ikkje vil ha større innverknad på kapasiteten for skule, barnehage eller anna sosial infrastruktur. Bustadane vil kunne tilføre allereie etablerte buområde meir attraktivitet og sosialt fellesskap.

7.11. Born og unge sine interesser

Området som vert regulert til barnehage er i dag nytta til fruktdyrking. Området er ikkje avsett til barn og unge i dag. Etablering av barnehage med trygg og god tilgjenge vil styrke barn og unge sine interesser i planområdet. Barnehagen sitt uteareal vil vere tilgjengeleg utanom barnehagen sine opningstider.

Ei utbygging av nye bustader i området vil kunne skape eit større miljø for barnefamiljar i denne delen av Sogndal sentrum. Gjennom planframlegget er det sikra tilgang for bueiningane til Kvåle skule og idrettsanlegget gjennom barnehagetomta eller på sti vest for Kvålsgrovi.

Det er i dag ein akebakke innanfor det som vert regulert til IDR1 og ned mot idrettsområdet. Funksjonen til denne vil bli noko redusert av den planlagde gang- og sykkelvegen GS1.

7.12. Samferdsel og mobilitet

Planframlegget utbetrar Kvålekrysset, Kvålevegen med fortau, Fjærlandsvegen med gang- og sykkelveg samt gangvegar frå barnehagen til Lunnamyri og stiar som koplar gangveg

frå Kvåle skule både til undergang under Fjærlandsvegen og ny internveg V2 via sti langs Kvålgrovi. V2 har fortau som leiar ned til inngangsporten til barnehage i nord.

Val av parkeringsløyising med to etappar vil vere hensiktsmessig i forhold til etappevis utbygging av vegkryss mellom Fjærlandsvegen og Kvålevegen. Dette i forhold til trafikkmengd i dagens og framtidig situasjon.

HC-parkeringsplassane som er skissert opp vert liggande aust for Kvålgrovi, då avstanden frå parkeringsplass til hovudinngang til barnehage vert noko mindre enn om ein inkluderer HC-parkeringsplassane saman med felles parkeringsplass vest for Kvålgrovi. Ved å inkludere HC-parkeringsplassane på felles parkeringsplass kan ein risikere uønska bruk til rygging/feilparkering på HC-parkeringsplassane. Ein vil også få fleire parkeringsplassar på fellesparkeringa dersom ein legg HC-parkeringsplassar aust for elva. Planlagt utbygging fører til betra situasjon for køyrande og mjuke trafikantar.

7.13. Vassforsyning og avløp

Det ligg ei kommunal vassleidning i tilknytning til barnehagearealet. Trykket er førebels uvisst, men nabobusetting på same kotehøgde antyder at det er tilstrekkeleg for barnehagebygga. Det er usikkert om brannhydrant og bustadtomtene kan koplast til dette punktet, og dette må avklarast med kommunen. Kommunen planlegg ny vassleidning som er kopa til ei høgare trykksone, men det er uvisst om denne er på plass til opning av barnehagen. Dersom trykket er for svakt for øvre behov, og ny vassleidning ikkje kjem på plass i tide, må det byggast ei mellombels løyising basert på eksisterande tilkoplingspunkt.

Eventuelle konsekvensar av styrtregnvatn nedstraums er begrensa. Der er grøne områder i alle retningar nedstraums. Kvålgrovi, Fjærlandsvegen og Sogndalselvi er rusta for påslepp. Anna overvatn kan møte idrettsanlegget, som også er eigna plass for bremsing, fordrøyning og infiltrasjon, og som vil tola ekstreme nedbørsmengder godt.

7.14. Energi og klima

Det er ikkje nok straum i området, det må etablerast ny transformator i området før barnehagen kan starte opp med byggeaktivitet.

Planframlegget gjev ikkje vesentlege verknader for klima.

7.15. Universell utforming

Planframlegget set krav til universell utforming så langt det er råd for nye tiltak innafør planområdet og bidreg til auka del universelt tilgjengelege områder i Sogndal.

7.16. Risiko og sårbarheit – konsekvensar

Det er ikkje avdekket forhold som medfører at planforslaget ikkje kan gjennomførast. Sikringstiltak for skred (snøskred og sørpeskred) må etablerast for å sikte tryggleiken for nye bustadar og barnehage. Gjennomføring er sikra i rekkefølgekrav i føresegnene. Andre tiltak er angitt i vedlagt ROS-analyse og sikra i planframlegget.

7.17. Juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen

Arealet for oppføring av barnehage og tilhøyrande infrastruktur med nye og oppgraderte køyreveggar, bruer, snuplass, parkering og gangvegssystem ligg i dag i hovudsak på privat grunn og krev kjøp av eigedom. Friområde kan ligge både som offentleg og privat. Dersom grunneigar ynskjer det, må kommunen løyse det inn.

7.18. Konsekvensar for næringsinteresser

Arealet til ny barnehage har vore nytta til frukthage og knytt til gardsdrift. Arealet sett av til ny tilkomstveg, V2, snuplass og parkering er nytta til grasproduksjon. Gangveg gjennom skule- og idrettsområdet er i dag opparbeidd. Gangveg gjennom eigedom 23/12 ligg på areal som i dag er hage. Veganlegget knytt til oppgradering av Kvålevegen og Fjærlandsvegen vil ta noko areal som i dag er nytta til grasproduksjon.

For eigedom 23/6 blir bakken aust for grovi utbygd. Der eigedommen flatar ut vil det framleis vera mogleg med frukt dyrking. Det same gjeld på vestsida av grovi med unntak av øvre del som vil gå med til trafikkanlegg i samband med utbygging av barnehagen.

For eigedommane 23/42 og 23/43 vil det relativt flate partiet i øvre del av parsellane bli nedbygd i samband med utbygging av barnehagen. Noko areal vil også gå tapt i samband med utbetring av Fjærlandsvegen, krysset og Kvålevegen. Det resterande arealet kan nyttast som i dag.

7.19. Interessesetnadar og konsekvensar for naboar

Planframlegget legg til rette for to nye einbustader samt ny barnehage med tilhøyrande infrastruktur innanfor område som i dag består av jordbruksareal og frukthage. Dei nye

bygga og tilhøyrande infrastruktur fører til endring i utsikt og innsyn. Nedanfor er det vist eit utsnitt som illustrerer barnehagen sett frå skuleområdet. Einebustadane, infrastruktur og uteopphaldsarealet til barnehagen er implementert i illustrasjonen.



Figur 7-3: Perspektiv frå søraust. Barnehagebygget sett frå skuleområdet på Kvåle. Kjelde: ARKI arkitekter AS.

Den største interessekonflikten i planframlegget er jordbruksinteressen i høve sentrumsutvikling og sentrumsfunksjonar. I tillegg ligg det i framlegget ein motsetnad knytt til private og offentlege interesser.

Planframlegget legg til rette for gangveg gjennom tunet sør for kulturminne og tett på bustadhuset på garden. Tilkomst til bustad er registrert som tilgjengeleg i Sogndal kommune sin oversikt over framtidig gangvegssystem i sentrum, men denne er privat. Offentleg trafikk vil koma tett på tunet.

Barnehagen kan føre til noko auke i støy for omgjevnadane på dagtid.

Vidare vil oppgradering av Kvålevegen og Fjærlandsvegen ha konsekvensar for eigedommane som grensar til denne. Konsekvensane er mellom anna grunnavstøing, terrengendring, endring av avkøyrsløse mm.

8. Avsluttande avveging

Nedanfor er det kort gjort greie for den samla vurderinga av påverknad for miljøtemaene; kulturminne og kulturmiljø, landskap, naturmangfald, friluftsliv samt naturressursar. Det er også teke med forhold knytt til barn og unge.

Utbygginga av ny barnehage og tilhøyrande infrastruktur fører til nedbygging av areal der det i dag er frukthage og dyrka mark og dette vil ha betydeleg negativ konsekvens for naturressursane.

I tillegg til utbygging av barnehagen fører planframlegget med seg oppgradering og/eller nybygging av vegar, gangvegar og snarvegar. Veganlegget, snuplass og parkering vil medføre betydelege terrenginngrep. Tiltaket har noko negativ påverknad på landskaps- og kulturmiljøverdiane innanfor planområdet. Området er i stor grad omarbeidd mark, for naturmangfald er dei negative konsekvensane derfor mindre.

For heile området må ein hindre avrenning frå anlegget til bekkar og elv. Når prosjektet er ferdig bygd, vil konsekvensen av tiltaket verka positivt for friluftsliv. For barn og unge vil tiltaket også ha positiv verknad når det er ferdig etablert.

Samla er planframlegget vurdert til å medføre noko negativ påverknad. Tiltaket gjev negativ påverknad for alle miljøtema utanom friluftsliv. For dette temaet er tiltaket vurdert positivt. På grunn av negativ påverknad for fleire tema er det difor viktig å fylgje opp med skadereduserande tiltak, slik som vegetasjonsskjerm, god kvalitet på material og utføring. Tiltaket ligg i eit område som er sårbart for høge murar og fyllingar. Det er viktig at tiltak innanfor området blir utforma i ein menneskeleg skala med dimensjonar som harmonerer med omgjevnadane.

Tilhøyrande plandokument og vedlegg

Vedlegg 01_Plankart

Vedlegg 02_Føresegner

Vedlegg 03_ROS-analyse

Vedlegg 04_Illustrasjonsplan LO001

Vedlegg 05_Solstudie, Kvåle barnehage i Sogndal

Vedlegg 06_VA-rammeplan

Vedlegg 07_Trafikkanalyse ny Kvåle barnehage i Sogndal

Vedlegg 08_Projekteringsnotat - veg

Vedlegg 09_Veganlegg fullkanalisert Kvålekryss

Vedlegg 10_Veganlegg redusert løysing

Vedlegg 11_Fråvikssøknadar

Vedlegg 12_RTP-plan

Vedlegg 13_Skredfarevurdering Kvåle

Vedlegg 14_Flaum- og vasslinjeberekningar Kvålsgrovi

Vedlegg 15_Flaumsonekartlegging, Sogndalselvi ved Kvåle

Vedlegg 16_Geoteknisk notat Kvåle barnehage i Sogndal

Vedlegg 17_Miljøteknisk grunnundersøking og tiltaksplan, Kvåle barnehage i Sogndal

Vedlegg 18_Mottekne merknadar og uttalar til oppstartsvarsel

Vedlegg 19_Merknadsskjema etter varsel om oppstart

Kjelder

- **Riksantikvaren. Den nasjonale kulturminnebasen Askeladden.**
www.asketadden.ra.no
- **Riksantikvaren. SEFRAK-registeret.**
- **Sogndal kommune. Kulturminneplan for Sogndal kommune (gamle). 2013.**
- **Sogndal kommune. Kommuneplanens arealdel**
- **Asplanviak kartet**
- **NVE**
- **NIBIO**
- **Skyss.no**



asplan viak